



# Prinsipp- og handlingsprogram 2013-2017

*– Vi tek heile Noreg i bruk*

<b>1. SENTERPARTIETS VERDIGRUNNLAG</b>	<b>5</b>
LANGSIKTIG FORVALTING .....	5
SAMFUNNET BLIR BYGT NEDANFRÅ.....	6
DEMOKRATISK FELLESSKAP I NASJONALSTATEN.....	7
DELING AV SAMFUNNSGODE .....	7
TA HEILE NOREG I BRUK.....	7
<b>2. LANGSIKTIG FORVALTING</b>	<b>8</b>
<b>MILJØ – STYRKING AV DET BEREKRAFTIGE SAMFUNNET .....</b>	<b>9</b>
<b>ENERGIPOLITIKK.....</b>	<b>11</b>
AUKA PRODUKSJON AV FORNYBAR ENERGI .....	11
OLJE OG GASS .....	11
<b>AREALPOLITIKK – VERN GJENNOM BRUK .....</b>	<b>13</b>
NATURMANGFALDET MÅ SIKRAST .....	13
MATJORDA MÅ TAKAST VARE PÅ .....	14
VERNA OMRÅDE .....	14
ROVDYRPOLITIKKEN MÅ SIKRE BEREKRAFTIG BRUK .....	15
<b>ØKONOMISK POLITIKK – BALANSE OG GEOGRAFI .....</b>	<b>18</b>
STATENS PENSJONSFOND .....	18
SKATTAR OG AVGIFTER .....	19
<b>BUSTADPOLITIKK.....</b>	<b>21</b>
ALEINEBUANDE OG SINGLE .....	22
<b>3. SAMFUNNET BLIR BYGT NEDANFRÅ</b>	<b>24</b>
<b>FRIE OG ANSVARLEGE ENKELTMENNESKE.....</b>	<b>24</b>
<b>VALFRIDOM OG TRYGGLEIK FOR FAMILIEN .....</b>	<b>25</b>
KVALITET I BARNEHAGANE .....	26
ÈIT BARNEVERN MED BARNET I FOKUS .....	26
<b>KULTUREN BIND MENNESKE SAMAN .....</b>	<b>27</b>
IDRETT .....	28
TA VARE PÅ MANGFALDET I SPRÅKET .....	28

SIKRE EIT MANGFALD AV MEDIUM .....	29
MEIR ROM FOR FRIVILLIG SEKTOR .....	29
<b>INTEGRERING SKJER LOKALT .....</b>	<b>31</b>
<b>LOKALT FOLKESTYRE.....</b>	<b>32</b>
<b>4. DEMOKRATISKE FELLESKAP I NASJONALSTATEN</b>	<b>34</b>
<b>EFFEKTIV FORVALTING .....</b>	<b>35</b>
<b>KYRKJE, RELIGION OG LIVSSYN .....</b>	<b>37</b>
<b>JUSTISPOLITIKK .....</b>	<b>38</b>
POLITIET .....	38
KRIMINALOMSORG .....	39
DOMSTOLANE .....	40
VERNEBUING .....	40
FRI RETTSHJELP .....	40
<b>FORSVAR- OG TRYGGINGSPOLITIKK .....</b>	<b>42</b>
<b>INTERNASJONAL POLITIKK .....</b>	<b>44</b>
EU OG EØS .....	45
NORDISK SAMARBEID .....	46
<b>INNVANDRING.....</b>	<b>49</b>
ARBEIDSINNVANDRING .....	49
ASYLPOLITIKK .....	50
<b>URFOLK OG NASJONALE MINORITETAR .....</b>	<b>51</b>
SAMETINGET .....	51
SAMISKE NÆRINGAR .....	51
NASJONALE MINORITETAR .....	52
<b>5. DELING AV SAMFUNNSGODE</b>	<b>53</b>
<b>FORDELING – UTJAMNING AV GEOGRAFISKE OG SOSIALE SKILNADER .....</b>	<b>53</b>
<b>ARBEID – DET SKAL LØNNE SEG Å JOBBE.....</b>	<b>54</b>
<b>UTDANNING OG FORSKING – LÆRING FOR ALLE .....</b>	<b>55</b>
GRUNNSKULE – EIN HEILSKAPLEG SKULEDAG FRAMFOR HEILDAGSSKULEN .....	57
VIDAREGÅANDE OPPLÆRING .....	57
HØGARE UTDANNING .....	59

FORSKING .....	59
LÆRAREN .....	60
RÅDGJEVINGSTENESTA .....	60
<b>LIVSLANG LÆRING .....</b>	<b>61</b>
<b>HELSE – FØREBYGGING FRAMFOR REPARASJON .....</b>	<b>64</b>
EIN FØREBYGGJANDE HELSESEKTOR .....	64
SAMHANDLING MELLOM KOMMUNEHELSETENESTA OG SPESIALISTHELSETENESTA .....	65
BIOTEKNOLOGI – ETISKE DILEMMA OM LIV .....	66
<b>ELDREPOLITIKK: LIV TIL ÅRA, IKKJE BERRE ÅR TIL LIVET .....</b>	<b>69</b>
VALFRIDOM TIL Å BU HEIME .....	69
SATSING PÅ REHABILITERING OG TILPASSA HEIMETENESTER .....	69
EIN NY PÅRØRANDEPOLITIKK .....	70
KAMP MOT EINSEMDA .....	70
KVALITETSLYFT I SJUKEHEIM – OG Plass NÅR DU TRENG DET .....	71
KRAFTTAK FOR DEMENSOMSORGA .....	71
FLEIRE TILSETTE I OMSORGSSEKTOREN .....	72
<b>SJUKEHUS .....</b>	<b>74</b>
STYRINGSMODELL .....	74
SJUKEHUSSTRUKTUR – LOKALSJUKEHUSA SIN Plass .....	74
FINANSIERING .....	75
PSYKIATRI OG RUSOMSORG .....	75
<b>VELFERDSYTINGAR – YTE ETTER EVNE, FÅ ETTER BEHOV .....</b>	<b>76</b>
<b>6. TA HEILE NOREG I BRUK .....</b>	<b>78</b>
<b>AKTIV DISTRIKTS- OG REGIONALPOLITIKK .....</b>	<b>79</b>
<b>INDUSTRI .....</b>	<b>81</b>
<b>REISELIV .....</b>	<b>82</b>
<b>MINERALNÆRINGA .....</b>	<b>82</b>
<b>MARITIM NÆRING .....</b>	<b>83</b>
<b>MATLANDET NOREG .....</b>	<b>83</b>
<b>LANDBRUK – NORSK SJØLVFORSYNING SKAL SIKRAST .....</b>	<b>84</b>
EIGEDOMSPOLITIKKEN I NOREG .....	85
JORDBRUK OVER HEILE LANDET .....	85
BEREKRAFTIG LANDBRUK .....	85
DYREVELFERD .....	85

STERKT IMPORTVERN	85
SKOGBRUK OG VIDAREFØREDLING	86
REINDRIFT	86
PÅ LAG MED NORSKE FORBRUKARAR	87
UTDANNING OG REKRUTTERING, FORSKING OG INNOVASJON	87
<b>FISKERI OG HAVBRUK</b>	<b>89</b>
<b>SAMFERDSEL – FOR UTVIKLING OG VEKST I HEILE LANDET</b>	<b>91</b>
VEG	92
GANG- OG SYKKELVEG	93
JERNBANE	93
KOLLEKTIVTILBOD	93
LUFTFART	94
SJØ OG HAMN	94
BREIBAND OG TELEFON – DEN DIGITALE ALLEMANNSRETTE	95
POST	95

# 1. SENTERPARTIETS VERDIGRUNNLAG

---

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil ha eit samfunn med frie sjølvstendige menneske som med tru på egne evner tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og natur og miljø. Menneskesynet til partiet har utspring i det kristne verdigrunnlaget og humanistiske verdiar i pakt med dette. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar.

Senterpartiet vil sikre den private eigedomsretten. Tryggleik rundt retten til eigedom er viktig for den einskilde og utviklinga i eit land. Senterpartiet arbeider for å sikre eigedomsrett til dei mange og desentralisering av makt, kapital og busetnad.

Senterpartiet er eit folkestyreparti. Respekten for det grunnlovsfeste folkestyret og den fremste statsmakta, Stortinget, har særprega Senterpartiet. Kjernen i sjølvråderetten er å sikre folkestyret og ei god velferdsutvikling for heile folket gjennom nasjonal produksjon, samvirke og eigarskap til naturressursar. Senterpartiet skal vere eit parti for dei som ønskjer internasjonalt samarbeid mellom suverene demokratiske nasjonalstatar, og med eit sterkt FN for å løyse globale utfordringar i fellesskap.

Sjølvråderetten føreset ein sterk nasjonalstat, eit levande folkestyre – og eit inkluderande nasjonalt fellesskap.

Senterpartiet sitt stortingsvalsprogram for 2013–17 presenterer politikken vår for å byggje det Noreg vi er glad i. Denne politikken går gjennom langsiktig forvaltning, eit samfunn bygd nedanfrå, eit demokratisk fellesskap i nasjonalstaten, deling av samfunnsgoda og ein politikk som tek heile Noreg i bruk.

## Langsiktig forvaltning

Senterpartiet trur på forvaltaransvaret. Ressursane skal haustast på ein måte som ikkje forringar sjansane til framtidige generasjonar. Dette pregar synet til partiet når det gjeld naturen, miljøet og økonomien. Kortsiktige økonomiske omsyn skal vike for det langsiktige forvaltarperspektivet. Vi ønskjer ikkje eit konserverande vern. Berekraftig bruk er den beste måten å sikre ressursgrunnlaget vårt på sikt. Vi vil sikre nasjonal og lokal råderett over naturressursane og meiner at forvaltninga i størst mogeleg grad må skje lokalt.

## **Samfunnet blir bygt nedanfrå**

Føresetnaden for eit levande folkestyre er nærleik, likeverd og korte avstandar mellom dei som tek avgjerder og dei det gjeld. Senterpartiet vil desentralisere avgjerder slik at flest mogeleg kan delta i samfunnsutforminga. Fellesskap og likeverd mellom folk inneber at makt, kapital og eigedom bør spreiest på mange hender. Tillit og sosial kapital mellom likestilte borgarar medverkar til trygge og levande lokalsamfunn.

Senterpartiet ønskjer levande lokalsamfunn over heile landet, lokalsamfunn som har handlefridom og sjølvråderett. Senterpartiet trur at frie menneske som får tillit også tek ansvar. Samanhengen mellom rettar og plikter blir tydelegare i oversiktlege samfunn. Oppleving av fellesskap og felles identitet er viktig for å inkludere og integrere alle.

## **Demokratisk fellesskap i nasjonalstaten**

Folkestyret kan ikkje takast for gjeve og må stadig vitaliserast. Senterpartiet ønskjer å styrkje rolla til dei folkevalde og gje lokale og regionale folkevalde auka makt over eiga utvikling. Byråkrati og offentleg forvaltning må avgrensast på alle nivå for å unngå at teknokratisk styring vinn plass på kostnad av politiske avgjerder.

Eit sterkt folkestyre føreset ein velfungerande nasjonalstat. Dagens verd føreset samarbeid for å skape fellesgode og for å nedkjempe felles problem. Varige samarbeidsløysingar føreset likevel respekt for dei sjølvstendige nasjonalstatane. Senterpartiet ønskjer ikkje å overføre styresmakt til overnasjonale organ og er ein garantist mot EU-medlemskap. Senterpartiet vil seie opp EØS-avtala og erstatte ho med handels- og samarbeidsavtaler med EU. EØS-avtala undergrev den velfungerande norske modellen.

## **Deling av samfunnsgode**

Senterpartiet ønskjer rettferdig utjamning mellom sosiale grupper, mellom regionar og mellom fattige og rike land i verda. Denne utjamninga bør skje i skjeringspunktet mellom marknaden, det frivillige og det offentlege. Rettferdig fordeling er ein av grunnpilarane i den norske velferdsstaten. Menneske som har like økonomiske og sosiale sjansar vil møtast på mange arenaer og danne fellesskap. Dette skapar tillit og samhald i samfunnet. Dette vil Sp arbeide for å oppretthalde gjennom vår norske arbeids-, velferds- og skattemodell.

## **Ta heile Noreg i bruk**

Senterpartiet meiner det er god samfunnsøkonomi å utnytte naturgjevne og menneskelege ressursar i heile landet. Det er eit politisk ansvar å sørge for balansert regional utvikling, ein aktiv distriktpolitikk og tilgang til kompetent arbeidskraft i alle delar av landet. Verdiskaping krev at det offentlege driv ein aktiv næringspolitikk og sikrar nasjonalt eigarskap til naturressursane. Offentleg eigarskap kan vere føremålstenleg i næringar og bedrifter med nasjonal, strategisk verdi. Utvikling av infrastruktur skal vere framtidsretta og gje like høve til utvikling for næringsliv og innbyggjarar over heile landet.

## 2. LANGSIKTIG FORVALTING

---

Senterpartiet vil utvikle eit samfunn basert på forvaltartanken – at det vi har i dag skal overlatast til neste generasjon i betre stand enn da vi overtok det. Dette pregar synet vårt på naturen, miljøet og økonomien. Det overordna prinsippet for miljøpolitikken og den økonomiske politikken vår er derfor økonomisk utvikling innanfor rammene av berekraftig bruk. Ressursane skal brukast på ein slik måte at dei varar lenge og ikkje blir utpinte av for intensiv bruk eller forureining. Veksten skal ikkje vere større enn naturen og samfunnet kan tole.

I Senterpartiets miljøpolitikk står mennesket i sentrum. I det økologiske heilskapssynet vårt har mennesket eit naturleg ansvar for å ta vare på naturen og miljøet. Framtida for mennesket er avhengig av at funksjonane, produksjonsevna og mangfaldet i naturen blir oppretthalde. Senterpartiet står i ein tradisjon som meiner at ressursane blir nytta best gjennom berekraftig bruk. Vi kan ikkje frede oss til ei berekraftig utvikling. Folkeleg deltaking og engasjement er derfor ein av berebjelkane i miljøpolitikken vår.

Senterpartiet vil sikre nasjonal og lokal råderett over naturressursane, slik at avkastninga kjem alle til gode. Dei som har ressursane som grunnlag for virket sitt, skal delta i forvaltinga av desse. Forvaltinga må byggje på kompetansen som finst i dei naturbaserte næringane og vere forankra i lokaldemokratiet. Det er eit mål at lokalsamfunna som har rike naturressursar skal få nytte godt av dette i form av arbeidsplassar, kompetanse og inntekter.

Noreg er i ein situasjon der vi skal balansere ein stor oljesektor og høg kredittvekst opp mot primærnæringar og fastlandsindustri. Vi vil føre ein politikk for å utvikle alle delar av norsk produksjonsøkonomi og vil bruke politiske verkemiddel aktivt for å sikre dette. Det norske næringslivet skal i størst mogeleg grad drivast på ein energieffektiv måte og baserast på berekraftig bruk av fellesskapet sine ressursar.

Klimaendringane, presset på ressursgrunnlaget og framtidig behov for mat og energi er dei mest grunnleggjande utfordringane verda står overfor. Skal vi klare å løyse miljøutfordringane må den økonomiske politikken spele på lag med miljøet og vere langsiktig. Omsynet til økosystema må vere overordna økonomisk vekst. Noreg har eit stort ansvar for, og medverkar aktivt til, internasjonale løysingar for ei meir berekraftig utvikling globalt.

Det er naudsynt at nokre ressursar, også dei fornybare, blir verande ubruka.

Proessen for å velje ut vernetiltaka må vere utforma på ein måte som er open, praktisk gjennomførleg og som respekterer at det i mange samanhengar handlar om privat grunn.

## **Miljø – styrking av det berekraftige samfunnet**

Naturen er grunnlaget for alt liv og all aktivitet. Senterpartiet meiner at ei av dei viktigaste politiske oppgåvene i dag er å medverke til livskraftig natur med stort biologisk mangfald. For å få til dette må miljøpolitikken ha folkeleg grunnlag, vere forståeleg og skape engasjement i folket.

Det er brei vitskapleg semje om at vi kan vente oss global temperaturouke, heving av havnivået, endring i nedbørsmønster og vindsystem, tap av biologisk mangfald og forverra levekår som følgje av klimaendringane. Prinsippet om at forureinar skal betale må gjelde både globalt og nasjonalt. Alle land kan med rette hevde at utslippet deira berre utgjer ein liten del av den totale forureininga i verda. Senterpartiet vil derfor vere ein pådrivar for at det blir forhandla fram ambisiøse og langsiktige internasjonale klimaavtaler.

Det er samtidig avgjerande at Noreg viser vilje til handling og å skape praktiske resultat på heimebane. Noreg har til rådvelde fornybare energiresursar som gjev stort potensial for miljøvennleg drift i industrien og primærnæringane. Som forvaltar av petroleumsførekomstar har vi eit stort ansvar for klimaproblemet. Vi har gode høve til å medverke med tiltak og ny teknologi som vil bringe verda nærmare å løyse klimaproblema, både gjennom ei mest mogeleg miljøvennleg utvinning av petroleumsressursane, og ikkje minst ein naudsynt overgang til fornybar energi. Vi har kompetanse og økonomisk handlefridom som gjer oss eigna til å ta på oss leiaransvaret for å utvikle nye energikjelder. Vi må bruke politiske og økonomiske verkemiddel for å skape ein industri som brukar fornybar energi.

Klimavennleg industri skal bli ei industriell føremon for Noreg. Senterpartiet vil skape grønne arbeidsplassar i heile landet. Vi vil satse på utvikling av climateknologi både som grunnlag for ein meir miljøvennleg politikk og for konkurransekrafta til næringslivet.

Skogen er ein viktig del av løysinga i klimapolitikken. Skogen i Noreg tek opp CO<sub>2</sub> tilsvarande halvparten av dei norske klimaotsleppa. Aktiv skogpolitikk er ein jordnær, konkret og billig måte å medverke til å nå klimamåla på. Det medverkar

også til sysselsetjing og verdiskaping.

*Senterpartiet vil:*

- redusere nasjonale utslepp i alle sektorar gjennom å oppfylle klimaforliket
- jobbe for å få på plass verkemiddel som sikrar at målet om maksimal temperatúrauke på to gradar blir nådd
- at hovuddelen av norske klimakutt skal skje innanlands. Klimapolitikken skal utformast slik at den underbyggjer andre viktige samfunnsomsyn, som industriell utvikling, matproduksjon og busetjing i heile landet
- bruke skogplanting og uttak av skogressursen offensivt som eit CO<sub>2</sub>-reducerande tiltak
- sikre ei storstilt satsing på bioenergi, andregenerasjons biodrivstoff og annan fornybar energi
- fase inn ny og miljøvennleg køyretøyteknologi og gjere det lettare å velje kollektivtransport
- leggje til rette for at veksten i persontransport i byane og større tettstader skjer ved hjelp av kollektivtransport, sykkel og gonge
- sikre energieffektive bygg gjennom å stille energikrav til nybygg og få på plass verkemiddel som sikrar energieffektivitet i eksisterande bygningar. Dette må skje innanfor økonomiske rammer som kan tolast av dei det gjeld for, som fyrstegongsetablerarar.
- fase ut bruk av oljekjelar i hushald og som grunnlast innan 2020
- at staten skal inngå eit forpliktande samarbeid med kommunesektoren for å løyse ut fleire klimatiltak
- auke innsatsen på førebygging av klimaskadar som løyvingar til flaum-, erosjons- og rassikring og sikring av infrastruktur
- at revisjon av konsesjonsvilkåra for kraftutbyggingar skal medverke til gode miljøtiltak og mest mogeleg naturleg artsmangfald i dei utbygde vassdraga
- intensivere innsatsen med å rydje opp i forureina jord og sjøbotn

## **Energipolitikk**

Den norske energipolitikken, med heimfallsrett og nasjonal og lokal eigarskap til naturressursane, har vore avgjerande for at inntektene frå naturressursane har kome fellesskapet til gode. Senterpartiet vil oppretthalde og sikre denne modellen slik at velstanden også kjem framtidige generasjonar til gode.

Trygg og stabil energiforsyning er ein føresetnad for at folk skal kunne leve gode liv og drive næringsverksemd i heile landet. Utbygginga av eit robust el-nett er ei prioritert oppgåve for Senterpartiet og ein føresetnad for forsyningstryggleik, utbygging av fornybar energi og ny næringsutvikling. Det er viktig at konsesjonsprosessen for el-nett er effektiv og i god dialog med lokale styresmakter.

Gjennom effektive løysingar skal energiforbruket reduserast i hushald, industrien og i transportsektoren. Senterpartiet vil jobbe for at mest mogeleg av oppvarminga skjer ved bruk av miljøvennleg varme som bioenergi.

### **Auka produksjon av fornybar energi**

Det er eit mål at mest mogeleg av energien vi brukar er fornybar. Satsing på produksjon av fornybar energi og teknologiutvikling gjev grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i Noreg. Med innføringa av dei grøne sertifikatane blei grunnlaget for ei storstilt fornybar utbygging lagt. Dei fornybare energiressursane skal utvinnast og brukast på ein mest mogeleg skånsam måte for naturen og for samfunnet. Senterpartiet vil arbeide for ei rask og enkel konsesjonsbehandling for utbygging av fornybar energi. Grunneigarar og lokalsamfunn skal få sin rettelege del av verdiskapinga frå utvinning av fornybar energi. Ei offensiv satsing på bioenergi vil gje lokal verdiskaping og medverke til å nå nasjonen sine miljø- og klimamål.

Den fornybare elektrisiteten må takast i bruk der han kan erstatte fossil energibruk, som til dømes i samferdslektoren og gjennom meir elektrifisering av petroleumssektoren. Store mengder ny fornybar elektrisitet gjev også godt grunnlag for auka industrisatsing.

Gjennom ei balansert utvikling av energiproduksjonen og overføringskapasiteten til grannelanda våre kan Noreg spele ei viktig rolle som leverandør av fornybar energi til Europa. Samtidig skal ein vareta krafttilgangen for norsk industri og hushald.

### **Olje og gass**

Dei rike olje- og gassførekomstane vi har på sokkelen er grunnlaget for den største

eksportnæringa i Noreg. Desse ressursane må utnyttast i eit tempo sameint med anna næringsliv og skal forvaltast slik at goda frå dei varar lenge. Senterpartiet vil ha olje- og gassutvinning som ikkje går på kostnad av fiskeri og havbruk og sårbare naturressursar, men blir utnytta i eit tempo sameint med anna næringsliv. Petroleumsnæringa må vere underlagt politisk styring for å sikre at naudsynthe omsyn til miljø, klima og fornybare næringar er varetekne. I områda der det blir drive petroleumsverksemd blir sameksistens lagd til grunn for forvaltinga. Petroleumpolitikken må utformast slik at den i størst mogeleg grad stimulerer lokal verdiskaping og gjev positive ringverknader i den regionen aktiviteten er lokalisert, og medverkar til industriell utvikling der målet er at norsk oljeindustri skal vere verdsléiande innanfor utvikling av miljøteknologi. Gjennom det statlege eigarskapet i energiselskap, Petoro og gjennom skatte- og avgiftspolitikken skal det sikrast at verdiane kjem fellesskapet til gode. Norsk petroleumsaktivitet i utlandet skal medverke til positive ringverknader for samfunnet og skal ikkje undergrave rettane til innbyggjarane eller suvereniteten deira over egne ressursar.

I område som er særleg verdifulle for fiskerinæringa, som ligg nært land eller har stor risiko for ulukker, skal det ikkje vere petroleumsverksemd.

*Senterpartiet vil:*

- sikre likare nettleige til forbrukarar i heile landet
- gjennomføre ei monaleg opprusting og utbygging av el-nettet for å leggje til rette for å auke energiproduksjonen, redusere effektivitetstap, vernebuinga og utjamne geografiske prisskilnader
- bruke offentleg eigarskap for å sikre utvikling av fornybare energiressursar
- ha ordningar som sikrar at kommunar blir kompenserte ved utbygging av vindkraft
- opne for bygging av småkraftverk i verna vassdrag når dette ikkje kjem i konflikt med verneverdiane
- auke tilgangen på fornybar energi gjennom å gje investeringstilskot til varme- og bioenergi
- fjerne minimums- og maksimumsverdien ved utrekning av eigedomsskatt for kraftverk
- styrkje verkemiddelprogrammet som stimulerer til auka bruk av bioenergi
- auke bruken av kraft frå land på sokkelen

- at tildeling av nye areal til petroleumsutvinning skal styrast slik at omsynet til miljø, klima og fornybare næringar veg tungt
- ikkje opne opp for petroleumsverksemd i Lofoten, Vesterålen, utanfor Senja (Nordland 6, Nordland 7 og Troms 2) og på Møreblokkene
- arbeide for auka utnyttingsgrad av oljefelt som alt er opna
- auke bruk av gass til industri og industrielle formål og kollektivtrafikk
- byggje ut oljevernebuinga langs kysten for å vere godt førebudd på eventuelle skipsforlis eller petroleumshell
- medverke til fossilfri plattform for landbruket gjennom bioressursar frå skog og jordbruk
- gå imot produksjon av atomkraft i Noreg

## **Arealpolitikk – vern gjennom bruk**

Senterpartiet vil ta vare på naturressursane, det biologiske mangfaldet og ulike naturtypar gjennom berekraftig bruk. Det å høyre til blir skapt gjennom at folk brukar naturen, får tillit av storsamfunnet til å gjere dette og tek ansvar for ikkje å overforbruke ressursane. Vi kan ikkje verne oss til ei berekraftig utvikling, men må gjere forbruket vårt berekraftig.

Nasjonale styresmakter er avhengige av eit godt samspel med lokalbefolkninga for å verne naturen. Vi meiner at dei beste løysingane blir skapte lokalt. Nasjonale styresmakter må i minst mogleg grad overstyre løysingar som lokalsamfunn har kome saman for å skape. Berre slik kan vi få alle med på å ta vare på naturmangfaldet og bruke ressursgrunnlaget til det beste for lokal utvikling. Forvaltninga må baserast på at berekraftig bruk i dei fleste tilfelle er det beste vern.

### **Naturmangfaldet må sikrast**

Senterpartiet vil sikre det biologiske mangfaldet. I dag skjer ei utarming av det biologiske mangfaldet. Utrydning av dyre- og planteartar gjev uopprettelege skadar og set matvaretryggleiken i verda i fare. Biologisk mangfald og sårbare økosystem må sikrast gjennom ein kombinasjon av eit godt nasjonalt regelverk og stor grad av lokal medverknad og ansvar i dei områda det gjeld. På same måte må det hindrast introduksjon av svartelisteartar.

Mykje av norsk biologisk mangfald er avhengig av menneskeleg bruk. Om lag ein tredjedel av dei norske artane som er utryddingstruga er knytte til jordbruket sitt

kulturlandskap. Derfor er framleis bruk av norsk natur til matproduksjon viktig for å oppretthalde naturmangfaldet. Senterpartiet vil vidareføre den restriktive haldninga si til godkjenning av genmodifiserte organismar.

Dess betre naturen blir forvalta, desto mindre er behovet for vern. I somme tilfelle er vern av naturtypar og dyre- eller planteartar likevel naudsynt. Vern er likevel berre eit middel for å ta vare på naturen, ikkje eit mål i seg sjølv.

### **Matjorda må takast vare på**

Dyrkbar jord er ein underskottsressurs både på verdsbasis og i Noreg. Matjorda er under så stort press at ho treng strengare lovvern for å bli teken vare på. Omsynet til utbygging av industri, infrastruktur og bustader må balanserast betre mot det langsiktige omsynet til matproduksjonen. To verkemiddel må takast i bruk: Meir matjord må dyrkast opp og mindre må byggjast ned. Det må lagast regionale planar for busetjing slik at vi kan avgrense nedbygginga. Tvilen skal kome matjorda til gode i spørsmål om store utbyggingar av infrastruktur, bustadområde eller industri.

I nokre delar av landet er gjengroing eit større trugsmål mot den dyrka marka enn nedbygging. For å hindre slikt tap av matjord må landbrukspolitikken utformast slik at det blir oppretthalde landbruk i heile landet.

### **Verna område**

I dei områda der vern er å sjå på som naudsynt må verneprosessane førast på ein slik måte at lokalbefolkninga og grunneigarane blir ein reell part i prosessane. Det må vere lokal tilhøyrse til og forståing for verneformål og -tiltak, og det må sikrast føreseielege rammer for livsutfalding og næringsverksemd. Verneformålet må definerast tydeleg ved eitkvart vern etter naturmangfaldslova. Korleis verneområdet kan brukast må vere fastlagt idet vernet blir vedteke, for å sikre lokalbefolkninga føreseielege rammer.

Senterpartiet meiner at lokale styresmakter er dei beste forvaltarane av verneområda. Aktiv og fornuftig bruk av naturen har gjeve oss dei naturressursane vi nyt godt av i dag. Vernepolitikken må leggje til rette for at lokalbefolkning og grunneigarar skal få høve for å bruke området og utvikle næringsverksemd så lenge det ikkje er i strid med verneverdien. Senterpartiet vil vidareutvikle og styrkje dagens modell med regional og lokal forvalting gjennom å gje lokalsamfunnet meir innverknad i verneprosessen, og at nytt vern skal byggje på prinsippet om fri vilje.

Grunneigarar, lokalsamfunn, kommunar og regionar som blir underlagt strengt vern og tek på seg ansvar for å ta vare på naturen på vegner av heile samfunnet, må få

kompensasjon. Senterpartiet ønsker å ta i bruk tiltak som oppretting av næringsfond og aktiv tilrettelegging for næringsliv som kompenserende tiltak.

### **Rovdyrpolitikken må sikre berekraftig bruk**

Senterpartiet vil ha ein rovdyrpolitikk som byggjer på prinsippa om regional forvaltning, effektivt uttak av rovdyr som representerer eit skadepotensial og erstatning for tap påført av rovdyr. Det er avgjerande for næringsverksemd og livskvalitet at rovdyrforliket frå 2011 blir følgt opp i tråd med Stortingets intensjonar. Senterpartiet ønsker å få klargjort rovdyrproblematikken i beiteområde for sau og rein over heile Noreg gjennom ei eiga, større undersøking. Ei slik undersøking vil kunne vise korleis det er å ha beitedyr i område der det også ynglar rovdyr.

Senterpartiet arbeider for reduserte bestandsmål for alle dei store rovdyra. Så lenge rovdyrforliket frå 2011 gjeld er bestandsmåla ei øvre grense for kor mange rovdyr vi skal ha i Noreg. Ulven står i ei særstilling blant rovdyra. Den ulvebestanden som oppheld seg i Noreg har finsk-russisk opphav og Senterpartiet meiner at det ikkje er eit norsk ansvar å ta vare på denne rovdyrbestanden.

Dei som lever nært på rovdyra må ha høve til å påverke forvaltninga av bestanden. Det er vidare naturleg å sjå forvaltning av dei store rovdyra i eit heilskapleg nordisk perspektiv som utgangspunkt for forvaltninga. Senterpartiet meiner at forvaltninga av rovdyrbestanden må vere folkevalt og regionalt forankra. Storsamfunnet skal ta ansvaret for belastninga som rovdyra fører med seg på vegner av dei det gjeld for. Den som blir påført tap som følgje av rovdyråtak skal ha kompensasjon for dette. Uttak av rovvilt er staten sitt ansvar og må skje på ein effektiv måte når fellingsløyve er gjeve.

Noreg treng utmarksnæringane for å oppretthalde eit aktivt landbruk i heile landet og for å utnytte naturressursane best mogeleg. Hausting av utmarksressursane er mange stader gjort umogeleg fordi rovdyr blir prioritert framfor beitenæringa og andre utmarksnæringar. Dette fører til gjengroing av kulturlandskap, svekkjer lokalsamfunn og reduserer verdiskaping. Jakt, friluftsliv og annan rekreasjon blir også svekt når rovdyrretteliken aukar. Dette påverkar livskvaliteten til dei som brukar naturen. Beitenæringane, både landbruket og reindrifta, og hausting gjennom jakt og fiske må ha forrang framfor rovdyra. Dette tyder at rovdyr ikkje skal vere i prioriterte beiteområde eller tettbygde strøk, og at rovdyr som utgjer eit skadepotensial må takast ut effektivt. Noreg har unike ressursar på utmarksbeite, og desse må prioriterast, spesielt fordi beiteressursane i utmark er ein sentral del

av framtidig matproduksjon.

*Senterpartiet vil:*

- grunnlovsfeste at matjorda skal disponerast langsiktig og bli teken vare på for komande generasjonar
- lovfeste å gjere varig vern av matjord mogeleg
- at matjord blir sikra sterkare vern enn utmark
- at jord som blir bygd ned skal gjenbrukast som matjord
- at jordvernet skal ha tyngre vekt i planprosessar og at det skal nydyrkast like mykje jord som det blir omdisponert
- innføre tilskot til nydyrking av jord
- ha offentleg tilskot til planting av skog og intensivere arbeidet med ungskogpleie og tynning
- at lokale interesser skal vektleggjast i dei tilfella der vern av naturområde er eit alternativ
- at frivillig vern blir føretrekt i skogvernet og at makeskifte blir nytta i størst mogeleg grad
- at grunneigarar må sikrast full økonomisk kompensasjon ved etablering av verneområde
- ha full erstatning og vanleg 28 prosent skatt ved ekspropriasjon av areal
- at oppgåver som oppsyn, skjøtsel og formidling blir styrkte i verneområde ved at fleire ressursar blir overførde frå statlege direktorat til lokale verneområdestyre
- ha lokal forvaltning av motorferdsel i utmark
- redusere bestandsmåla for bjørn, jerv og gaupe
- ikkje ha finsk-russisk ulv i Noreg
- la grensebestandar av store rovdyr telje som norske dyr
- vurdere uttak av havørn og kongeørn i område med tette bestandar og der tap og skadar på bufe og andre fugleartar er dokumentert
- at dei som lir tap som følgje av rovdyråtak skal få fullgod erstatning
- innføre statleg uttak av skadedyr og gje reell avgjerdsrett til dei regionale rovviltnemndene
- tillate bruk av blyhagl ved jakt alle andre stader enn i våtmarksområde

- auke løyvingane til vassovervaking, kunnskapsinnhenting og gjennomføring av tiltak for å betre den økologiske tilstanden i sårbare vassdrag
- overføre det regionale ansvaret for landbruk-, miljø og arealforvaltning frå fylkesmannen til fylkeskommunen

## Økonomisk politikk – balanse og geografi

Det fremste målet for Senterpartiet i den økonomiske politikken er varig balanse i økonomien. Vi vil aktivt søkje å unngå høg arbeidsløyse og høg inflasjon, sjå til at statsfinansane er robuste, finansmarknaden godt regulert og at ulike former for risiko ikkje får lov eller tid til å byggje seg opp i økonomien.

Både i Noreg og internasjonalt har økonomiske kriser ein tendens til å byrje i finanssektoren. Som hovudregel skuldast dette at spesielt bankane har for låg soliditet og/eller for dårleg likviditet. Derfor er regulering av finansmarknader ein avgjerande del av den økonomiske politikken. Politikken skal motverke at det blir bygt opp gjeldsnivå som aukar sannsynet for alvorlege kriser dersom til dømes arbeidsmarknaden blir svekt, eller etterspørselen etter varer og tenester går ned.

Alternativet til varig balanse i landet sin økonomi kan vere svært alvorleg. Djupe finanskriser går hand i hand med svekte statsfinansar, auka arbeidsløyse og i verste fall alvorleg sosial uro og dystre framtidsutsikter for breie lag av folket. For Senterpartiet er det derfor grunnleggjande og overordna at den økonomiske politikken i størst mogeleg grad legg til rette for berekraftig stabilitet.

Dagens skattesystem stimulerer i for stor grad til gjeldsopptak og i for liten grad til sparing. Desse skeivskapane må rettast opp og det må i større grad stimulerast til sparing. Det vil også vere ein viktig strategi for å sikre langsiktig eigarskap i norsk næringsliv.

### Statens pensjonsfond

Statens pensjonsfond – Utland (SPU), også kjent som oljefondet, står sentralt i norsk økonomisk politikk. Senterpartiet vil forvalte denne felles rikdommen til beste for dei som lever i dag og for komande generasjonar. Vi meiner at SPU skal investere meir i fast eigedom internasjonalt. Investeringar i aksjar og renteberande obligasjonar må reduserast tilsvarande.

I fyrste omgang – fram mot 2020 – må meir av fondskapitalen plasserast i eigedom i stadar med låg politisk risiko, sikre eigedomsrettar og solid rettsvesen. Samla sett vil dette medverke til tryggare og meir stabil avkastning – i samklang med det overordna målet om sikring av fondskapitalen på tvers av slektledd. For Senterpartiet er det viktig at fondet sine investeringar er etisk forsvarlege.

Noregs Bank ved Noregs Bank Investment Management (NBIM) skal framleis vere delegert ansvaret for forvaltinga av SPU. Senterpartiet går like fullt inn for at NBIM

avdeling i Noreg blir flytt frå Oslo til Trondheim. Hovudsetet til Noreg sitt Bank låg i nettopp Trondheim frå starten i 1816 og fram til 1897. Relokalisering av NBIM til Trondheim vil medverke til styrking av finansielle forvaltermiljø utanfor hovudstaden. Senterpartiet meiner at SPU bør skifte til det originale namnet Statens petroleumsfond.

### **Skattar og avgifter**

Senterpartiet meiner at skatte- og avgiftssystemet skal vere enkelt og stabilt over tid. Skattesystemet må ha oppslutning i folket. Vi vil vidareføre det overordna målet om breitt skattegrunnlag og låge skattesatsar. Dette vil føre til at skattesystemet unngår effektivitetstap og uheldige skattetilpassingar. Dagens samla skatte- og avgiftsnivå skal ikkje endrast vesentleg.

Senterpartiet vil støtte arbeid med å utvikle og innføre eit avgiftssystem som liknar på meirverdiavgift på finansielle tenester, som har nullsats i dag. Dette vil vere i tråd med det overordna målet om eit breitt skattegrunnlag. Det kan dessutan medverke til ei rettare dimensjonering av finanssektoren i norsk økonomi.

Det er viktig at skatte- og avgiftssystemet medverkar til ei jamnare fordeling av inntekt og formue etter skatt. Senterpartiet sin motivasjon for dette er todelt. Vi ønskjer å vidareføre det jamlike norske samfunnet, kjenneteikna av stor sosial kapital, meir gjensidig tillit og sterkare samarbeidsnormer enn i land med skeiv fordeling av velstand. For det andre er opptening av inntekt og formue ikkje eit resultat av individuell innsats og arv aleine: Verdier blir skapte i fellesskap og er også eit produkt av prioriteringar, strukturen og tilrettelegging i storsamfunnet. Kampen mot den svarte økonomien må vinnast. Eit enklast mogeleg regelverk, målretta kontroll og høg tillit til forvaltinga er sentrale element for å sikre dette.

Formuesskatten sikrar rettferdig fordeling og inntekter til fellesskapet. Senterpartiet vil behalde denne skatten. Å fjerne han ville ha ført til ein kraftig auke av nullskatteytarar. Vi meiner at formuesskatten bør reformerast. For det fyrste vil vi auke botnfrådraget ytterlegare. På den måten vil færre betale formuesskatt. For det andre ønskjer vi å fjerne formuesskatt på arbeidande kapital. Samla sett vil desse formuesskattereformene innebere redusert formuesskatt. Dette kan ha positive følgjer for både sparing og næringsutvikling i norsk økonomi.

Senterpartiet vil vidareføre høvet til utskriving av eigedomsskatt som ei lokal, kommunal skatteform uavhengig av det kommunale inntektssystemet. Lokale skattar opnar for at ulike kommunar kan vedta ulike fordelingar mellom private og

offentlege investeringar i samsvar med lokale fleirtal og preferansar. Senterpartiet ønskjer å innføre ei ordning med friare kommunalt skattøyre.

*Senterpartiet vil:*

- jobbe for finansiell stabilitet og varig balanse i økonomien til landet
- halde fast ved det samla skatte- og avgiftsnivået som hovudregel
- skilje mellom drift- og investeringsføremål i statsbudsjettet
- oppretthalde den differensierte arbeidsgjevaravgifta
- arbeide for eit skattesystem som medverkar til å halde kapital i bedrifter, og som kan brukast til investeringar
- auke avskrivingsattsane for å stimulere til auka investering i produksjonsbedrifter i Noreg
- auke botnfrådraget i formuesskatten og fjerne formuesskatt på arbeidande kapital
- innføre frådrag i skatt (ROT) for den som engasjerer nokre til å utføre rehabilitering, oppussing eller tilbygg på bustaden sin
- trappe ned rentefrådraget i hushalda og bruke midlane til sparestimulerande tiltak
- gje auka skattefrådrag til pendlarar
- styrkje BSU-ordninga, slik at ein kan spare minst 50 000 kroner i året og 500 000 kroner totalt
- auke frisummen i arveavgifta ytterlegare
- vurdere tilsvarande tiltak for små bu- og arbeidsmarknader som i tiltakssona for Nord-Troms og Finnmark når det gjeld auka barnetrygd, lågare skatt og nedskriving av studiegjeld
- reformere Statens pensjonsfond – Utland ved å auke investeringane i fast eigedom, flytte den norske forvaltinga av fondet frå Oslo til Trondheim og på nytt gje fondet namnet Statens petroleumsfond
- arbeide for å innføre internasjonal skattlegging av multinasjonale selskap som er nullskatteytarar etter nasjonale skattetilpassingar

## Bustadpolitikk

Bustad er eit naudsynt velferdsgode på line med arbeid, helse og utdanning. Ein trygg og stabil busituasjon er ei naudsynt ramme rundt alle menneske sitt liv. Senterpartiet meiner at bustadpolitikken sin verdi for velferd og utvikling må lyftast fram og styrkjast.

Norsk bustadpolitikk har vore vellukka for det breie lag av folket. Ein stor grad av bustadeige har medverka til sjølvstendige menneske og ein høg bustadstandard. Senterpartiet ønskjer å styrkje eigarlinja ytterlegare. Mange vanskelegstilte på bustadmarknaden kan med fordel gå over frå ein leige- til ein eigesituasjon. Det må ytast oppfølgingstenester som sikrar at den einskilde kan handtere busituasjonen sin.

Senterpartiet vil motarbeide ubalansar i bustadmarknaden. Situasjonen med sterkt prispress i somme byområde, og manglande samsvar mellom byggjekostnader og panteverdiar i mange distriktsområde viser behovet for ein politikk som breitt motarbeider sentralisering og sikrar ein meir balansert fordeling av folketalveksten. Senterpartiet meiner at kommunane må ta ansvar for å regulere eit tilstrekkeleg tal tomter. I pressområda må kommunane samarbeide om dette. Senterpartiet meiner lokale og sentrale styresmakter saman må medverke til samferdselsløysingar som utviklar større bu- og arbeidsområde. Senterpartiet meiner det er naudsynt med særskilte tiltak som sikrar bustadforsyninga i utkantområde med behov for meir bustadbygging.

Det er kommunane og Husbanken som er dei sentrale bustadpolitiske aktørane i Noreg. Senterpartiet vil halde fram med å styrkje dei bustadpolitiske verkemidla i Husbanken, slik at kommunane blir best mogeleg i stand til å gjennomføre ein aktiv bustadpolitikk tilpassa lokale behov. Ein vellukka bustadpolitikk hjelper til at kommunane kan løyse mange av oppgåvene sine på ein god måte. Senterpartiet vil at bustadpolitikken skal leggje til rette for energieffektive hus og universell utforming.

Senterpartiet vil forenkla og avbyråkratisere plan- og byggjesaksprosessane slik at kommunane lettare og raskare kan tilretteleggje tomter og behandle byggjesaker. Full elektronisk saksbehandling av byggjesaker er eit viktig forenklingstiltak. Motseiingsinstituttet utgjer ein viktig funksjon i demokratiet, men må avgrensast for ikkje å blande seg meir enn naudsynt inn i det lokale sjølvstyret. Motseiingspraksisen må strengt avgrensast til tunge regionale og nasjonale

interesser. Staten må samordne motseiingane sine på eit tidlegast mogeleg tidspunkt i prosessen, etter klare tidsfristar.

Senterpartiet ønskjer å vidareføre gunstige skattleggingsreglar for primærbustaden.

*Senterpartiet vil:*

- forenkle plan- og bygningslova slik at planprosessane går raskare og slik at færre byggjetiltak blir søknadsppliktige.
- auke midlane til tilpassingstilskot gjennom Husbanken for at blant anna eldre og funksjonshemma kan tilretteleggje eigne bustader
- styrkje Husbankens verkemiddel for at langt fleire vanskelegstilte kan eige eigen bustad
- at kommunane blir sikra økonomiske rammer til å gje oppfølgingstenester til personar som har vanskar med å ha ein stabil busituasjon
- styrkje Husbanken som samarbeidspartnar og tilretteleggjar for kommunane blant anna gjennom å auke kompetansetilskotet. Det blir forventa at kommunane fører ein aktiv bustadpolitikk, både når det gjeld bustadforsyninga allment, og for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden
- byggje minst 1500 studentbustader i året, ved at ein blant anna gjev studentsamskipnadene momsfratak for bygging, vedlikehald og rehabilitering av studentbustader
- auke formuesverdien på sekundærbustad
- avgrense tal motseiingsinstansar, samordne statlege motseiingar på eit tidlegast mogeleg tidspunkt etter klare fristar og avgrense motseiingar til tunge regionale og nasjonale interesser
- tilretteleggje for full elektronisk saksbehandling av byggjesaker i alle kommunar

### **Aleinebuande og single**

Ein stadig større del av folket lever aleine. Desse må betale same avgifter som ein familie med to inntekter. Ein som bur aleine har etter SSB 50 000 kroner meir i buavgifter enn ein som bur i familie.

*Senterpartiet vil:*

- at avgifter på vatn og avløp, renovasjon og straum for hushald blir fastsett basert på forbruk
- utarbeide ein heilskapleg plan som betrar situasjonen for aleinebuande på bustadmarknaden

### **3. SAMFUNNET BLIR BYGT NEDANFRÅ**

---

Senterpartiet ønskjer å skape eit samfunn med små skilnader, både økonomisk og sosialt. Tillit, fellesskap og likeverd er hjørnesteinane i det norske samfunnet. Brei folkeleg medverknad i politikk og samfunnsliv er viktig for å skape gode samfunn. Senterpartiet er motstandarar av sentralstyring som skaper framandgjering og mangel på ansvar. Det skal vere enkelt å engasjere seg i samfunnet. For å sikre dette må vi verne om den nasjonale suvereniteten vår og det lokale sjølvstyret. I tillegg må meir makt flyttast frå sentraliserte, byråkratiske institusjonar og ut i kommunane og bydelane, der folk bur.

Dei gode nærmiljøa blir skapte av lokalt engasjement og aktive eldsjeler. Levande lokalsamfunn føreset frivillig innsats, kultur og dugnadsånd. Senterpartiet ønskjer ikkje ei einsretting av norske lokalsamfunn. Vi vil gje folk høve til å velje å bu i by eller i bygd. For å gjere dette alternativet reelt må det leggjast til rette for attraktive lokalsamfunn som folk trivst i. Samfunnet er mangfaldig og ulike delar av landet vårt har behov for ulike løysingar. Derfor meiner vi at desentralisering av makt gjev dei beste politiske svara – for lokalsamfunnet og for landet.

Opplevinga av fellesskap føreset at det finst verdiar, symbol og institusjonar som folk kjenner felles tilknytning til. Senterpartiet slår ring om ei samlande folkekyrkje, monarkiet, den offentlege skulen, det norske språket og andre samlande nasjonale institusjonar fordi vi meiner at desse er berande i den norske identiteten.

#### **Frie og ansvarlege enkeltmenneske**

Senterpartiet ønskjer eit samfunn som gjev enkeltmennesket mest mogeleg fridom. Enkeltmennesket har ufråvikelege rettar, men også klare plikter, som å respektere fridommen til andre, ta vare på naturen og medverke til fellesskapet. Samtidig skal samfunnet leggje færrast mogeleg avgrensingar på livsutfaldinga til folk.

Eit meir komplekst og digitalisert samfunn gjev høve for kvar enkelt av oss, men inneber også utfordringar. Overvaking kan vere eit effektivt tiltak mot kriminalitet, men reiser etiske problemstillingar. Alt teknologien gjer mogeleg må vegast opp mot rettsstatsprinsippa. Senterpartiet ønskjer eit ope samfunn bygt på tillit mellom medmenneske og der personvernet spelar ei viktig rolle. Overvaking og kontroll må kvile på ei etisk og prinsipiell tilnærming og vere minst mogeleg inngripande overfor innbyggjarane. Overvakingssamfunnet flytter ansvaret for eige liv og for sømmeleg framferd frå individet til samfunnet. Senterpartiet ønskjer ikkje ei slik

utvikling.

Kontrakten mellom mennesket som medverkar og tek ansvar, og staten som gjev fridom og tryggleik, er limet i velferdssamfunnet. Senterpartiet ønskjer å styrkje dette samspelet. Enkeltmennesket må ansvarleggjerast og staten må ikkje innskrenke fridomen gjennom meir byråkratisering, kontroll og overvaking. Fridomen og rettane til individet kan bli truga både av ein for sterk marknad og ein for sterk stat. Senterpartiet meiner at desse må balanserast for å sikre eit godt samfunn for enkeltmennesket.

## **Valfridom og tryggleik for familien**

Senterpartiet ønskjer at einkvar familie skal kunne velje måten sin å leve livet som familie på, samtidig som dei opplever økonomisk og sosial tryggleik. Eit velfungerande samfunn må leggje opp til stabilitet gjennom tilstrekkeleg barnetal over tid. Derfor må vi føre ein politikk som støttar opp under at folk får born. I Noreg er dei aller fleste familiar toinntektsfamiliar der begge foreldra er i arbeid frå borna er relativt små. Derfor er det viktig med eit godt utbygt barnehagetilbod og god kvalitet i barnehagane. Å sikre og vidareutvikle likestillinga mellom kjønna er vesentleg. For dei større borna er det viktig med gode skulefritidsordningar.

Senterpartiet ønskjer å halde på barnetrygda som ei god og universell ordning. Dette vil utjamne skilnadene i levekostnader mellom barnefamiliar og andre i samfunnet. Ei god barnetrygd er også eit viktig tiltak for fattigdomsnedkjemping.

Senterpartiet ønskjer å vidareføre den målretta kontantstønadordninga, avgrensa til barnet fyller 2 år. Det blir stilt krav om at ein av foreldra skal vere heime med barnet i den perioden ein tek i mot kontantstønaden.

Senterpartiet meiner at vi må bruke meir ressursar på førebygging, foreldrerettleiing og samlivstiltak for å snu utviklinga med stadig fleire oppløyste familiar. Familievernet er ei førebyggingsteneste som hjelper familiar som slit før situasjonen blir dramatisk. Senterpartiet meiner at vi parallelt med barnevernsreforma må satse på familievernet.

## **Kvalitet i barnehagane**

Senterpartiet ønskjer eit mangfald av barnehagar som har det til felles at dei leverer tenester med god kvalitet, der leik og omsorg er i sentrum. Kvalitet er heilt avgjerande for trivselen til borna og utvikling i barnehagen. Dette omfattar både den pedagogiske kvaliteten, den faglege kompetanse til dei tilsette, fysiske omgjevnader og tal born per tilsett. Senterpartiet vil leggje til rette for både private og offentlege barnehagar, og ei trygg og stabil finansiering er avgjerande for å sikre dette.

## **Eit barnevern med barnet i fokus**

Ein skal leggje vekt på det beste for barnet ved val av tiltak. Vi meiner det må jobbast meir med førebygging og mindre med reparasjon. Barnevernet må ha meir fokus på å hjelpe familien som eit heile og ikkje kvart familiemedlem kvar for seg. Omsorgsfamiliar må sikrast føreseielege avtaler og god rettleiing. Det bør etablerast gode samarbeidsforum mellom ulike aktørar på barnevernsfeltet, som får tilgang til alle opplysingar som gjeld barnet. Vi ønskjer eit mangfald blant barnevernsinstitusjonane med både private og offentlege tilbydarar og tilbod om lengre avtaleperiodar. Samtidig vil vi desentralisere oppgåver, tiltak og ressursar frå staten til kommunane. Helsestasjonane er nøkkelinstitusjonar for å hjelpe utsette familiar og born. Senterpartiet vil at kommunane skal prioritere helsestasjonane høgare fordi dei yter viktig førebyggjande arbeid.

*Senterpartiet vil:*

- ha to årlege barnehageopptak
- sikre trygg, stabil og likeverdig finansiering for både offentlege og private barnehagar
- vidareføre dagens målretta kontantstønad, men stille krav om at ein av foreldra skal vere heime med barnet i den perioden ein tek imot kontantstønaden.
- innføre rett til sjukepengar for sjølvstendig næringsdrivande, som for lønsmottakarar, ved fråvær på grunn av sjukt barn
- auke barnetrygda og halde på den som ei målretta, universell ordning
- auke eingongsstønaden
- styrkje familievernet
- leggje om tilbodsprosessen for barnevernsinstitusjonar med mål om auke ein føreseieleg saksgang, og gje meir rom for ikkje-statlege institusjonar

- sikre at teieplikta ikkje blir eit hinder for tverrfagleg samarbeid, med sikte på best mogeleg oppfølging av utsette born
- overføre vesentlege delar av Bufetats oppgåver til kommunesektoren, og leggje til rette for interkommunale samarbeid ved hjelp av økonomiske stimuleringstiltak.

## **Kulturen bind menneske saman**

Senterpartiet vil føre ein kulturpolitikk som sikrar at alle får tilgang til kunst- og kulturopplevingar, uavhengig av geografiske, økonomiske og sosiale skiljeliner. Kultur byggjer fellesskap og felles identitet. Senterpartiet vil prioritere kulturtiltak som skaper arenaer der folk kan møtast på tvers av ulike skiljeliner og som skaper samfunnsforståing. Det meste av veksten i kulturmidlane skal gå til lokale kulturaktivitetar, men det skal vere rom for å prioritere prosjekt av nasjonal verdi.

Eit aktivt lag- og foreiningsliv krev eigna lokale og samlingsstader. Offentlege bygningar og fellesarenaer bør vere tilgjengelege på ikkje-kommersielle vilkår for frivillige lag og kulturtiltak i lokalmiljøet. Offentleg finansierte bygg må byggjast slik at dei kan brukast til ulike aktivitetar og arrangement.

Samfunnet i det heile skal ha ansvar for å ta vare på felles kulturminne. Senterpartiet vil bruke skatte- og avgiftspolitikken til å stimulere eit jamt og rett vedlikehald for viktige kulturminne, men ser også at dei offentlege tilskota til private eigarar av freda kulturminne må aukast kraftig. Norsk kulturminnefond må styrkjast. Staten må bere ein større del av ansvaret for arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak.

Bibliotek og museum er kjelder til kunnskap og opplevingar som set folk i stand til å delta aktivt i samfunnet. Samtidig er spesielt biblioteka viktige integreringsarenaer og etterspurte lågterskeltilbod. Senterpartiet vil verne om desse viktige kulturarenaene og gjere dei tilgjengelege for fleire, og dessutan sikre gratis tilgang i enda større grad enn i dag.

Senterpartiet vil styrkje den kulturelle grunnmuren. Det lokale kulturlivet bind folk saman på tvers av ulikskapar. Den kulturelle grunnmuren er verksemder som folkebibliotek, kulturskular, lokale museum, kor, korps og frivillige aktivitetar. Dette er institusjonar som er berebjelkar i store og små lokalsamfunn. Den norske kyrkja har ein landsdekkjande kulturell infrastruktur med nærvær i kommunar i landet. Kyrkjebygga er sentrale kulturarvberande arenaer som er ein viktig del av den

kulturelle grunnmuren.

Kulturskulane er ein viktig arena for born og ungdom som ønskjer å vidareutvikle seg innan musikk, dans eller annan kultur. Senterpartiet vil byggje opp om dette tilbodet.

### **Idrett**

Idrettslaga er på små og store stader ofte ein av dei viktigaste møtestadene i lokalmiljøet. Norsk idrett er mangfaldig og treng tryggleik for finansieringa som kjem frå tippemidlane, og frå den nye momskompensasjonsordninga. Senterpartiet vil sikre fullføringa av endringa av tippenøkkelen og ei full innføring av momskompensasjonsordninga. Offentlege midlar til idrett er ei investering både i livsgleda for den einskilde og i fellesskapet. Senterpartiet vil føre ein idrettspolitik som stimulerer mange til å vere fysisk aktive og som samtidig varetek dei som har talent til å kunne satse på idretten. Toppidrett og breiddeidrett er gjensidig avhengige av kvarandre. Derfor meiner vi det skal vere rom for å satse på begge delar. Vi vil sikre gode rammevilkår til idretten over heile landet. Vi ser idrettspolitikken i samanheng med vår førebyggingsbaserte tilnærming til helsepolitikken. Det er eit sjølvstendig mål for oss å oppretthalde eit mangfaldig idrettsliv over heile landet blant anna gjennom utbygging av idrettsanlegg. Utbygging av lågterskeltilbod som er utanom den organiserte idretten, som utbygging av turløyper, ballbingar, og andre nærmiljøanlegg, er ein viktig del av den heilskaplege idretts- og friluftslivspolitikken.

### **Ta vare på mangfaldet i språket**

Språket er kulturberar og identitetsmarkør. Det er også ein viktig sosial infrastruktur som sikrar at meiningar og debatt kjem fram til mottakarar. Derfor er det viktig å sørge for at flest mogeleg får uttrykkje seg på eit språk som står dei nær og som dei meistarar godt. Senterpartiet vil arbeide for å oppretthalde det store mangfaldet av språk og dialektar som finst i Noreg.

Nynorsk og bokmål er likestilte som språk i Noreg. Senterpartiet meiner at begge skrifttradisjonane skal dyrkast og sikrast. Dette krev ein særskild innsats for å styrkje det nynorske skriftmålet. Senterpartiet står fast på at det skal vere obligatorisk skriftleg opplæring i begge skriftspråka på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skulen. Sidemålsundervisinga må styrkjast, og alle elevar må få eigen karakter og eksamen i sidemål på vitnemålet både i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Yrkesfaga skal framleis vere unnatekne.

Norsk som fagspråk blir i dag sterkt utfordra av engelsk, spesielt i undervisinga ved universitet og høgskular. Vi vil stimulere til meir bruk av norsk som fagspråk for å halde på mangfaldet i det norske språket, og for å skape eit meir inkluderande arbeids- og samfunnsliv der alle meistrar språket som blir bruka. Vi vil motverke at norsk språk blir utfasa på ulike samfunns- eller fagområde.

### **Sikre eit mangfald av medium**

For å sikre at eit mangfald av meiningar og tema blir opplyst i det offentlege rom må det finnast eit breitt spekter av medium. Senterpartiet meiner at det skal vere momsfratak på aviser, bøker og utvalde tidsskrift. Vi vil ha ein sterk pressestønad som gjev eit mangfald av aviser. Vi vil halde på NRK som reklamefri allmennkringkastar med sterke distriktskontor, og oppretthalde NRK-lisensen for å sikre eit uavhengig NRK.

### **Meir rom for frivillig sektor**

Senterpartiet ønskjer ein framleis stor og mangfaldig frivillig sektor. Store delar av kultur- og organisasjonslivet blir bore av innsatsen til frivillige. Frivillig sektor utfyller offentleg aktivitet og hindrar at kommersielle interesser overtek idrett og kultur. Dette fører til at idrett, lag og foreiningar i dag har brei medverknad, på tvers av økonomisk og sosial bakgrunn. Senterpartiet ønskjer å støtte den innsatsen frivillig arbeid medverkar til. Vi vil gje organisasjonane gode og stabile rammer og eit trygt økonomisk grunnlag. Frivillig arbeid skal ha fridom til å dyrke eigenarten sin. Senterpartiet vil vri meir av stønaden til frivillig sektor frå prosjektstønad til grunnstønad. Staten må ta eit tydelegare ansvar for å forenkle samhandlinga mellom frivillig arbeid og det offentlege. Offentleg stønad skal innrettast slik at den sikrar størst mogeleg lokal aktivitet og lågast mogeleg administrativ byrde på lokalledet i organisasjonane. Momskompensasjonsordninga er i denne samanheng viktig. Vi ønskjer å byggje opp under linja som gjev mest mogeleg lokal aktivitet i frivillig arbeid. Organisasjonar som driv verksemd på vegner av det offentlege, som rusomsorg og rehabilitering, skal få høve til meir langsiktige avtaler.

Byråkratisering er ei utfordring for frivillig sektor. Senterpartiet ønskjer at frivillig sektor skal kunne halde seg til enkle søknadsprosedyrar og rapporteringssystem.

*Senterpartiet vil:*

- prioritere styrking av den kulturelle grunnmuren ved auke av kulturbudsjetta
- sikre biblioteka som gratis tilbod
- styrkje kulturskulane slik at dei kan gje best mogeleg tilbod
- gje frivillige organisasjonar full momsrefusjon
- leggje til rette for at frivillige organisasjonar kan halde på og styrkje rolla si i løysinga av fellesskapets oppgåver
- styrkje frivilligsentralane
- desentralisere kulturlivet gjennom å flytte midlar og makt frå Kulturrådet til fylkeskommunane
- sikre gode stønadsordningar for bygging av idrettsanlegg, både for breidde- og toppidrett, og redusere/forenkle krav/dokumentasjon i samband med søknadene
- auke stønaden til nærmiljøanlegg
- halde på tippemonopolet og sikre at mest mogeleg av inntektene frå spel går til idrett, kultur og frivillig arbeid. Omlegginga med større del av tippemidlane til idretten må gjennomførast
- styrkje arbeidet mot dopingbruk blant ungdom og i idretten, og støttar forbodet mot å bruke og ha anabole steroid
- at staten skal overta det økonomiske ansvaret for registrering, utgraving og sikring av fornminne
- arbeide for skatte- og avgiftslettar for private eigarar av freda og verneregulerte eigedomar
- gje auka midlar til tilskot til kommunar som har store utgifter som følgje av regelen om språkdeling

## Integrering skjer lokalt

Senterpartiet vil føre ein integreringspolitikk som er bygd på at enkeltmennesket har tydelege rettar og klare plikter. Vårt mål i integreringspolitikken er at innvandrarak får gode norskkunnskapar, at vaksne kjem raskt i arbeid og at born raskt byrjar på skule eller i barnehage for å bli ein del av det norske samfunnet.

Senterpartiet meiner at nøkkelen til integrering ligg i aktivitet – i arbeidslivet, på skulen og i lokalsamfunnet. Derfor bør det leggjast opp til at innvandrarak så raskt som mogeleg buset seg i ein kommune, får ein tenleg bustad, deltek på introduksjonsprogram, lærer norsk og kjem ut i jobb eller startar på utdanning. Velferdsordningar som er retta mot innvandrarak eller som i stor grad blir nytta av innvandrarak bør vere aktivitetsbaserte for å hindre passivering. Likestilling er ein heilt fundamental del av integreringa og medverknaden i det norske samfunnet. Det norske samfunnet er bygt opp rundt toinntektsfamiliar. Å sikre at også innvandrarakfamiliar blir toinntektsfamiliar er det viktigaste enkelttiltaket for å hindre fattigdom i innvandrarakbefolkninga.

Integrering er ein tosidig prosess som både nyttilkomne og dei som bur i lokalsamfunnet frå før må medverke til dersom han skal lukkast. Det er gjennom gjensidig respekt ein legg til rette for at innvandrarak kan medverke med ressursane og kompetansen sin i samfunns- og yrkesliv. Frivillige organisasjonar kan og bør brukast i integreringsarbeidet. Familiar som er nyinnflytte i eit samfunn kan i ein periode trenge ekstra oppfølging. Integrering stiller derfor krav til god samhandling mellom etatar som barnehagane, skule, helsestell og sosialteneste.

Senterpartiet meiner at integrering går raskare og enklare i små lokalsamfunn. Derfor meiner vi at det er viktig at nasjonale styresmakter stimulerer til spreidd busetjing av innvandrarak i heile landet.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje kommunane sin økonomiske motivasjon til å ta imot flyktningar
- at vertskommunetilskotet og integreringstilskotet skal dekkje dei reelle utgifter til kommunane
- at det skal vere frivillig for kommunane å ta imot flyktningar. Dersom ventetida for busetjing blir uakseptabel, må kommunane og sentrale styresmakter saman finne løysingar som sikrar den einskilde flyktning rask tilknytning til fellesskapet i eit eigna lokalsamfunn

- ha gratis kjernetid for alle femåringar i barnehagar i område med stor minoritetsdel i folkesetnaden
- gjere idrett og kultur til ein viktig arena for integrering av minoritetar
- gje innvandrara god norskopplæring
- at statsborgarskap krev stått norsk språktest og samfunnsfagtest

## Lokalt folkestyre

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vårt verdisyn har basis i individ som med ansvar for sine egne liv finn saman i fellesskap for å styre lokalsamfunn og nasjonalstat. Kjernen i vårt demokratisyn er trua på eit sterkt, lokalt folkestyre. Avgjerder blir best når dei blir tekne nære den det gjeld. Lokal styring er prinsipielt riktig, det styrkjer fellesskapet og det er effektivt.

Prinsipielt er det lokale folkestyret viktig fordi det gjer det mogeleg for fleire og lettare for alle å engasjere seg og delta i politiske prosessar. Når fleire er involverte før avgjerdene fattast, blir demokratiske vedtak forankra i eit breiare lag av folket. Desse styrkjer tilliten til demokratiet.

Lokalt forankra avgjerder fører på denne måten til at fleire kjenner eigarskap til samfunnsutviklinga. Det byggjer eit sterkare lokalt og nasjonalt fellesskap, og styrkjer opplevinga av å høyre til. Lokale avgjerder er også effektive. Lokalkunnskap gjev høve til godt tilpassa løysingar og ein effektiv tenesteproduksjon.

Noreg er eit variert land. Vi har lukkast i å ta vare på busetjing i alle delar av landet. Dette, saman med geografisk variasjon, gjer at det er rett å halde på ein mangfaldig kommunestruktur. Både dei største og dei minste kommunane har etter vårt syn livets rett. For oss er det ein føresetnad at eventuelle endringar av kommunegrensar skal skje frivillig og at dei må vere godt forankra i folket gjennom direkte medverknad lokalt, til dømes gjennom lokal folkerøysting.

*Senterpartiet vil:*

- grunnlovsfeste det lokale sjølvstyret
- at det norske demokratiet framleis bør vere organisert i tre nivå: stat, fylke og kommune

- sikre innbyggjarar i byane større medråderett gjennom at bydelane i større grad får makt, innverknad og ressursar innanfor viktige samfunnsområde
- halde fram med arbeidet med forenkling og avbyråkratisering
- at kommunesamanslåing berre skal skje frivillig
- synleggjere korleis EØS-avtala svekkjer det lokale folkestyret, og så langt det er mogeleg motverke at avtala grip inn i avgjerder som bør takast i kommunane av kommunestyra

## 4. DEMOKRATISKE FELLESSKAP I NASJONALSTATEN

---

Senterpartiet vil jobbe for å skape eit samfunn med sterke fellesskap der påverknadsmåtar er mest mogleg likt fordelt mellom folk og landsdelar. Vi meiner at nasjonalstaten er den beste ramma for demokratisk fellesskap.

Vår grunnleggjande tru på folkestyre er den viktigaste grunnen til at Senterpartiet meiner at Noreg framleis skal stå utanfor EU, og til at vi vil seie opp EØS-avtala og erstatte ho med handels- og samarbeidsavtaler med EU. Det skal ikkje vere EU som utformar reglar for det norske samfunnet. Våre eigne folkevalde, som kjenner samfunnet vårt og som er ansvarlege overfor norske veljarar, skal fastsetje korleis Noreg skal styrast.

Folkestyret byggjer på at frie og ansvarlege menneske er i stand til å ta gode avgjerder for seg sjølv og dei som omgir dei. Trua på folkestyret er grunnleggjande i Senterpartiets politikk, både ideologisk og i praktisk politikk. Folkestyre og nasjonal suverenitet er avgjerande for å verne miljø og levekår i samfunnet og for å hindre politisk maktesløyse og framandgjering. Senterpartiet er motstandar av overdrive byråkrati og lovreguleringar. Alle viktige vedtak skal vere forankra i offentleg debatt der alle kan delta. Senterpartiet ønskjer å desentralisere meir makt til kommunane og fylkeskommunane. Dette gjeld spesielt saker der det skal utvisast politisk skjøn. Fylkesmannsembetet bør berre ha rolla som kontrollør av lovleg og ikkje-lovleg.

Folkestyret er under aukande press. Fleire utviklingstrekk er med på å skape dette presset. Norsk medlemskap i EØS fører til at regelverket i EU blir teke inn i norsk lovgjeving og regelverk. Rettsleggjering gjev rettsorgana aukande vekt på kostnad av folkevalt styresmakt. Sentralisering av makt fører til at fleire avgjerder blir tekne i det øvre sjiktet av maktstrukturane i samfunnet. Samla fører desse utviklingstrekk til at den einskilde folkevalde har mindre rom til å setje nye politiske idéar ut i livet, og til at avstanden frå den einskilde borgaren til dei som sit med makt, aukar. Senterpartiet ser med uro på at valdeltakinga går ned. Vi meiner at ein revitalisering av folkevaldrolla, gjennom å gje meir makt tilbake til dei folkevalte på alle nivå, kan vere med på å snu denne utviklinga.

Kommunen står sentralt i Senterpartiets folkestyretinking. Kommunen står for mange av velferdsytningane vi er mottakarar av, frå vogge til grav. Senterpartiet ønskjer å flytte ansvaret for fleire viktige samfunnsoppgåver frå statleg til

kommunalt nivå. Vi meiner dette sikrar god lokal tilpassing og kort avstand mellom dei som formar og dei som brukar tenesta, og slik aukar sjansen til demokratisk påverknad. Dersom kommunane får overført fleire oppgåver, må dei også få tilførte midlar til å kunne utføre oppgåvene. Senterpartiet kjem derfor til å halde fram med å arbeide for ein styrkt kommuneøkonomi i den komande stortingsperioden.

*Senterpartiet vil:*

- at alle avgjerder som krev politisk skjøn skal avgjerast av politikarar
- flytte oppgåver frå statleg til kommunalt og fylkeskommunalt nivå
- at terskelen for statleg lovgjeving når det gjeld rettar, øyremerking, maks.- og minstenormer skal vere høg
- halde fram med å styrkje kommuneøkonomien for å gje kommunane betre høve til å yte velferd og vareta infrastruktur
- arbeide for ei valordning som gjev veljarane større direkte makt over personsamansetjinga på Stortinget
- endre Grunnlova slik at areal og talet på norske statsborgarar, ikkje folkeregistrerte, ligg til grunn for fordelinga av stortingsmandat mellom fylka
- framleis ha stortingsval og kommune- og fylkestingsval annakvart år
- skrive Noregs Bank inn i Grunnlova, slik tilfellet var mellom 1814 og 1911
- at stortingsrepresentantar skal avleggje eid til Grunnlova ved opninga av kvar stortingsperiode

## **Effektiv forvaltning**

Eit effektivt byråkrati med høg tillit i folket er ein føresetnad for ein velfungerande moderne stat. Eit velfungerande byråkrati gjer det mogeleg for ein stat å krevje inn skatt, sikre eit godt utdannings- og helsetilbod, oppretthalde eit rettsstell og å byggje infrastruktur for å nemne noko. Samtidig kan byråkratisering og rettsleggjing gå på kostnad av folkevald styresmakt på ein måte som strir mot den demokratiske idéen om at eit misfornøgd fleirtal kan kaste dei ansvarlege ved val. På den eine sida kan byråkrati vere rasjonelt og sikre likebehandling. På den andre sida kan det vere med på å undergrave samfunnsengasjementet hos folk fordi dei opplever at dei har lite eller ikkje noko høve til å påverke korleis avgjerdene i samfunnet blir tekne. Underliggjande statlege etatar og direktorat

utøver i dag stadig større innverknad i saker som krev politisk skjøn, i staden for å drive rein iverksetjing av politisk fatta vedtak. Senterpartiet meiner at dette er ei av dei største utfordringane som det norske demokratiet står overfor.

Vi meiner at lover og regelverk skal vere enkle å forstå. Det motsette er eit trugsmål mot demokratiet. Overdriven byråkratisering skaper frustrasjon, ineffektivitet og stel ressursar frå viktige samfunnsoppgåver. Utfylling av skjema for ulike kontroll- og registreringsformål, søknadsprosessar for å få ulike løyve og rapportering til styresmaktene i samband med oppussing, bygging eller næringsverksemd bør avgrensast. Ulike offentlege etatar har ei lang rekkje opplysingar om kvar enkelt innbyggjar. Vi meiner at opplysningane må gjenbrukast på tvers av etatane i større grad enn det som er tilfellet i dag. Dette krev at datasystema i offentleg sektor kan brukast på tvers av sektorar og etatar. Føresetnaden for dette er at personvernomsynet blir vareteke.

Senterpartiet er motstandarar av EØS-avtala. Avtala medfører blant anna at stillinga til embetsverket og byråkratiet blir styrkt på kostnad av folkevalde politikarar. Samtidig medfører EØS-avtala at den dømmende makt, domstolane, styrkjer seg på kostnad av utøvande og lovgjevande makt, regjering og storting. Rettsleggjinga av politikken medfører meir regelstyring og byråkratisering. Idéen bak regelverket til EU er harmonisering og standardisering. EU-retten er meir detaljregulert enn norsk rett og med mindre rom for skjøn i forvaltinga. Resultatet blir byråkrati, stivbeint praksis og manglande lokal tilpassing.

*Senterpartiet vil:*

- at tilskot til kommunar og fylkeskommunar i hovudsak blir gjevne som frie midlar
- arbeide for forenkling av lover, forskrifter og skjema
- forenkle kontroll- og rapporteringssystema i det offentlege slik at fleire ressursar kan brukast til tenesteproduksjon
- sikre at offentleg byråkrati og prosessar er opne og gjev rom for innsyn
- som eit ledd i effektiviseringa av offentlege tenester og tilbod, leggje til rette for utvida opningstider ved offentlege kontor der dette er føremålstenleg, ein til to dagar i veka
- evaluere Nav-reforma med sikte på å desentralisere kompetanse og tenester
- jobbe for at krava som blir stilte til næringslivet er gjennomførlege også for små og mellomstore bedrifter

- samordne statlege motseiingar og setje klare tidsfristar og avgrensingar for å unngå unødige forseinkingar i planprosessar
- samle ansvaret for statleg arbeid med arealplanprosessar i Kommunal- og regionaldepartementet

## **Kyrkje, religion og livssyn**

Religion og livssyn er ein grunnleggjande dimensjon i livet til mange menneske. I tillegg til å vere eit trussamfunn, er Den norske kyrkja også ein viktig tradisjons- og kulturberar. Kyrkja er ein viktig institusjon for mange knytt til livsritar, høgtider, dramatiske hendingar i samfunnet og nasjonens kulturelle historie. Framleis er 77 prosent av folket medlemmer av Den norske kyrkja. Dette viser tydeleg at Kyrkja framleis har høg oppslutning i folket. I tillegg er i underkant av 10 prosent av folket medlem av eit anna trussamfunn. Derfor meiner Senterpartiet at kyrkje, religion og livssyn framleis bør vere ei offentleg sak. Både staten og kommunane spelar ei viktig rolle for å understøtte folks høve til å utøve tru og livssyn.

Den nye kyrkjeordninga har gjeve Den norske kyrkja sjølvstyre i utnemning av biskopar og prostar. Evalueringa av demokratireforma som blei gjennomført ved dei to siste kyrkjelege vala avdekte store veikskapar i valprosedyrar og gjennomføring. Kyrkja har eit stort ansvar i å sikre sterkare demokratisk legitimitet og forankring hos medlemene sine, og vidareføre Kyrkja som ei brei og inkluderande folkekyrkje.

Trus- og livssynsfridom er ein grunnleggjande rett og skal vere understøtta av ein politikk som gjer det mogeleg for ulike trus- og livssynssamfunn å utøve trua si.

For å sikre naudsynt legitimitet og representativitet for dei kyrkjelege organa, er det naudsynt å vidareutvikle den kyrkjelege valordninga.

*Senterpartiet vil:*

- halde på ei grunnlovsforankra folkekyrkje
- vidareføre ei offentleg finansiering av Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn
- gjennom stat og kommune sikre at Den norske kyrkja blir oppretthalden som ei landsdekkjande kyrkje med nærvær der folk bur

- oppretthalde offentleg stønad til trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, private stiftingar og frivillige organisasjonar innanfor Den norske kyrkja for oppføring og kjøp av bygg for utøving av den religiøse trua si
- fullfinansiere trusopplæringsreforma
- at alle trussamfunn som tek imot statsstønad skal ha eit minste tal medlemer
- auke talet på preste- og diakonstillingar for å sikre arbeidsvilkåra for prestane og betre rekrutteringa til tenesta
- oppheve buplikta for prestane
- sikre auka tilgang til livssynsnøytrale seremonirom
- styrkje finansieringa og stønaden til vedlikehald og rehabilitering av kyrkjebygg, blant anna ved å realisere verdier i Opplysningsvesenets fond
- likestille andre mellomalderkyrkjer med stavkyrkjer ved tildeling av statlege midlar

## Justispolitikk

Senterpartiet vil føre ein justispolitikk som sikrar tryggleik og rettstryggleik for borgarane. Vi vil sikre dette gjennom ein justissektor der stikkorda er auka nærleik, meir samhandling og meir førebygging. Valdtekt, ran, drap og vald er alvorleg kriminalitet som må prioriterast høgt i heile straffesakskjeda. Når publikum opplever at desse sakene ikkje blir løyste blir den allmenne rettsoppfatninga svekt.

Senterpartiet er oppteke av å stoppe den organiserte kriminaliteten som følgjer av frie grensepasseringar i Europa. Vi vil derfor gå inn for auka straffer for brot på innreiseforbodet som personar som utfører kriminalitet i Noreg blir ilagt. Personar som blir ilagt innreiseforbod til Noreg har forbrote seg mot norsk lov, og brotet deira på innreiseforbodet blir som regel oppdaga ved at dei på nytt utfører kriminalitet i Noreg. Vi meiner at det av allmennpreventive grunnar må slåast hardt ned på slik grenseoverskridande, gjentakande og ofte organisert kriminalitet.

## Politiet

Senterpartiet ønskjer eit lokalt politi, som har god kompetanse om lokalsamfunnet sitt og som kan jobbe førebyggjande i samhandling med andre organ. Nærpolitiet tyder mykje for lokalsamfunnet, og tryggleik er ein av berebjelkane for livskraftig

busetjing i heile landet. Lokal nærvær set politiet i stand til å førebyggje og oppdage kriminalitet på eit tidleg tidspunkt. Eit " reparasjonspoliti" vil berre kunne vere til stades når skaden er skjedd.

Prioriteringa av ressursane i politiet er viktig for korleis etaten utviklar seg over tid. På den eine sida har særorgana i politiet, som Kripes og Økokrim, oppgåver som blir stadig meir relevante ettersom kriminaliteten blir meir organisert, spesialisert og profesjonisert. På den andre sida er det viktig for folks rettsoppfatning og oppleving av tryggleik at politiet er til stades og synlege i nærmiljøet deira.

Senterpartiet meiner at alle, utan omsyn til bustad, skal kunne kjenne at tryggleiken deira blir godt vareteke av eit nærværande og synleg politi. Vi ønskjer derfor å oppretthalde ein desentralisert politidistrikt- og lensmannsstruktur for å sikre vernebuing og naudsynt lokalkunnskap. Ein må halde fast ved og vidareutvikle nærpolitimodellen. Nærpolitiet er viktige forebyggjarar fordi politiet som arbeider i lokalsamfunna tidleg kan sjå teikna til kriminelle utfordringar, og kan gripe inn tidleg for å hindre at kriminelle miljø utviklar seg. Nærpolitiet har også ei viktig rolle når det kjem til informasjonsinnhenting knytt til organisert kriminalitet som særleg utgjer eit problem i dei store byane, men som ofte også har forgreiningar til mindre og meir gjennomsiktige samfunn.

Det er ein styrke ved norsk politi at det både har sivile og uniformerte oppgåver og har brei kompetanse. Vi ønskjer eit politi med eit breitt spekter av oppgåver, frå etterforsking og ordensteneste til utskriving av pass og ulike løyve.

Politiet må bli meir effektive utan at det går på kostnad av kvalitet og nærvær. Bruk av ny teknologi vil redusere avstandsulempene og danne grunnlag for å desentralisere fleire av oppgåvene og ressursane i politiet.

Folk skal vite kor raskt dei kan forvente at politiet skal kome etter ei utrykking. Det er viktig for tilliten til vernebuinga i politiet at det blir sett klare mål for dette.

### **Kriminalomsorg**

Kriminalomsorga skal i størst mogeleg grad redusere tilbakefall til kriminalitet. Da må straffegjennomføringa byggje på rehabilitering som gjer innsette i stand til å leve lovlydige liv etter sluttført soning. For dei som sonar korte dommar ønskjer Senterpartiet at ordninga med heimesoning blir bygd ut til å bli eit landsdekkjande tilbod og at samfunnsstraff, promille- og narkotikaprogram skal nyttast i større grad.

Unge lovbrutarar må hindrast i å etablere ei kriminell løpebane. Dei bør berre unnataksvis plasserast i fengsel med høgt tryggningsnivå, men heller basere seg på andre typar institusjonar, tverrfaglege tenester og samfunnsstraff. Kostnadene for samfunnet, i tillegg til personlig påkjenning for den det gjeld, er så omfattande at Senterpartiet meiner at dette er den gruppa som bør prioriterast fyrst i kriminalomsorga.

### **Domstolane**

Senterpartiet vil oppretthalde ein desentralisert domstolstruktur for å vareta den lokale rettspleia og sikre folk lett tilgang til konfliktløysing. Krav til kompetanse, fleksibilitet og kapasitet kan løysast på ein like god måte i ein desentralisert struktur, som i ein sentralisert.

Vi ønskjer å oppretthalde den generelle kompetansen i domstolane. Jordskiftedomstolane må oppretthaldast som sjølvstendige domstolar da saksområdet deira krev ein spesiell type kompetanse.

Senterpartiet vil oppretthalde juryordninga og meiner at det framleis er eit viktig poeng at ein skal dømmast av likemennene sine. Tillit til strafferetten avheng av folkeleg medverknad, engasjement og kontroll. Juryen er ein viktig del av demokratiet, folkestyret og den norske tradisjonen. Straffesaker som blir behandla med jury, set krav til både forsvararar og aktorat om å framstille saka på ein grundig og folkeleg måte, som også dei som ikkje er juristar kan forstå. Rettspraksis skal ikkje berre endre seg når Stortinget vedtek nye lover, men også utvikle seg over tid i takt med samfunnet.

### **Vernebuing**

Senterpartiet vil arbeide for å sikre alle delar av landet god vernebuing. Spreidd busetjing, store avstandar og krevjande topografi gjer at lokalkunnskap og raskt tilgjengelege ressursar blir avgjerande når det skjer dramatiske hendingar. Den lokale situasjonsforståinga kan spele ei avgjerande rolle når avgjerder skal takast raskt i uoversiktlege situasjonar. Alle skal ha tryggleik for hjelp ved behov, utan omsyn til kor ein oppheld seg. Forsvaret, med den fleksible militære organisasjonen sin som er trena for militære operasjonar, kan spele ei svært nyttig rolle når flaum, uvêr og andre naturkatastrofar eller kriser kjem på.

### **Fri rettshjelp**

Fri rettshjelp er viktig både som rettstryggleiksgaranti og som eit ledd i fattigdomsnedkjempinga. Behovet for rettshjelp er stort, særleg for vanskelegstilte

grupper i samfunnet. Fri rettshjelp til fleire vil føre til større rettsleg likskap mellom ulike sosiale grupper. Det vil også sikre at ein i større grad fangar opp dei som har rettshjelpsbehov også utanfor dei største byane. Auka fokus på oppsøkjande verksemd er viktig, særleg i distrikta der det kan vere store avstandar og få tilbod om rettsleg hjelp.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje ein desentralisert politistruktur for å sikre vernebuing og naudsynt lokalkunnskap
- innføre ei geografisk definert responstid for politiet
- gå mot generell væpning av politiet, men tillate nedlåst våpen i politibil
- gje tollarane fullmakt til å gje forenkla førelegg for å oppnå ein meir effektiv kontroll med grensekryssande kriminalitet og avlaste politiet for rutineoppdrag
- styrkje Redningsselskapet som ein viktig aktør i vernebuinga langs kysten
- at redningshelikopter skal kunne brukast til flytting av militært personell dersom det sivile samfunnet opplever kriser som tilseier at det er naudsynt å bruke slikt personell
- vidareføre bruk av jury i alvorlege straffesaker. Om det skal innførast skriftleg grunngjeving av skuldspørsmål i jurysaker, må vurderast opp mot ønsket om å sikre ein uavhengig jury
- styrkje rettshjelpsordninga, og utvide den til å omfatte fleire rettsområde
- arbeide for å sikre jordskiftedommarane eit lønnsnivå som gjev tilstrekkeleg bemanning og rekruttering ved jordskifterettane
- gjeninnføre forbod mot tigging

## Forsvars- og tryggingsspolitikk

Senterpartiet ønskjer eit folkeforsvar som held til i heile landet og fokus på dei nasjonale interessene. Målet for forsvars og- tryggingsspolitikken vår er å hevde norsk suverenitet, sikre nasjonale interesser og medverke til å sikre internasjonal stabilitet. Hovudoppgåva til Forsvaret skal vere å forsvare norsk territorium. På grunn av landets geografiske utstrekning, topografi og store havområde skal Noreg ha eit nasjonalt og sjølvstendig forsvar med eigna kapasitetar på land, i luft og på sjø. Vi meiner at Noreg framleis skal basere forsvars og- tryggingsspolitikken sin på medlemskapen i Nato og aktivt arbeid i FN. Senterpartiet meiner at Noreg skal yte aktiv medverknad til internasjonal stabilitet gjennom eit aktivt diplomati, humanitær hjelp og medverknad i fredstryggjande operasjonar. Medverknad i FN-leidde operasjonar må vere prioritert. Noregs rike ressursar på kontinentalsokkelen og i havområda utanfor Noreg stiller krav til forsvars- og tryggingsspolitikken. Nordområda held fram med å vera det viktigaste strategiske satsingsområdet for Noreg i utanriks- og tryggingsspolitikken. Nærvær i nord vil derfor vere av dei viktigaste nasjonale oppgåvene for Forsvaret.

Folkeforsvaret er eit forsvar for og av folket. I folkeforsvaret utgjer verneplikta berebjelken. Verneplikta sikrar tilstrekkeleg rekruttering til Forsvaret, frå alle samfunnslag og landsdelar. Dette er med på å skape gjensidig forståing og tillit mellom Forsvaret og folket. Samtidig meiner Senterpartiet at det moderne innsatsforsvaret er avhengig av at mange utfører verneplikta slik at Forsvaret blir sikra ein stor rekrutteringsbase for både verva og befal. Senterpartiet vil innføre kjønnsnøytral verneplikt.

Vi ønskjer ein hær med rask reaksjonsevne, men også med tilstrekkeleg evne til halde ut for å kunne utføre oppgåvene sine over tid. Sjøforsvaret må auke øvingsaktiviteten og nærværet i nord. Kystvakta skal hevde nasjonal suverenitet og utøve jurisdiksjonsmakt og må få tilstrekkelege ressursar til å vareta oppgåvene sine tilfredsstillande. Luftforsvaret spelar ei viktig rolle i framtidens forsvar, der nye kampfly og helikopter er sentrale element. Vi ønskjer at investeringa i nye kampfly i minst mogleg grad skal påverke ressursane til dei andre forsvarsgreinene. Derfor meiner vi at Luftforsvarets basestruktur og kapasitetar må gjerast meir kostnadseffektiv slik det blir lagt opp til i den gjeldande langtidsplanen for Forsvaret. Heimevernet skal vere ein desentralisert, landsdekkjande og attkjennande del av forsvaret som baserer rekrutteringa si på verneplikta. For å kunne oppfylle desse måla må talet soldatar i Heimevernet oppretthaldast på same nivå som i dag, samtidig som områda trenar årleg.

Forsvaret har i dei seinare åra delteke i mange internasjonale operasjonar. Senterpartiet meiner at både Forsvaret og samfunnet har eit stort ansvar for å ta hand om veteranar som vender tilbake frå operasjonar med fysiske eller psykiske skadar.

Senterpartiet meiner at det må forankrast i Stortinget dersom regjeringa ønskjer å sende norske styrkar ut i væpna konflikt utanfor grensene til Nato. Dagens ordning med konsultasjon i den utvida utanrikskomitéen sikrar etter Senterpartiets meining ikkje eit godt nok ordskifte for å ta slike avgjerder. Ved utløyning av artikkel fem i Nato-pakta, som seier at væpna angrep mot ein eller fleire av dei tilslutta statane skal bli sett på som angrep mot dei alle, skal dagens praksis vidareførast.

*Senterpartiet vil:*

- prioritere den nasjonale forsvarsevna
- ha eit forsvar basert på ei allmenn og kjønnsnøytral verneplikt, som er tilpassa Forsvarets behov for forsvar av norsk territorium
- leggje forholda til rette for å auke rekrutteringa av kvinner i Forsvaret
- opne opp for gradert fyrstegongsteneste med høve for to ulike løp, 6 og 18 månader
- framleis prioritere å auke ressursane til øving og trening av Heimevernet
- arbeide for eit tettare nordisk forsvarssamarbeid blant anna når det gjeld ressursovervaking, medverknad i internasjonale operasjonar, materiellinnkjøp, øvingar, skytefelt og utdanning
- ikkje avgi militære styrkar til internasjonale operasjonar utanfor Nato utan forankring i FN-pakta og eit klart FN-mandat
- vere restriktiv til vidare utviding av det geografiske området for Nato
- betre ettervernet for veteranar
- auke implementeringa av FN-resolusjonane om kvinnerettar i og etter krig og konflikt
- flytte statlege kompetansearbeidsplassar ut av Oslo-regionen og knyte dei til noverande etablerte fagmiljø som varetek utdanning og operativ og verksemd. Dette vil betre arbeidstilbodet for medflyttarar og den delen forsvarstilsette som pendlar mellom jobb og familie blir minska.
- vurdere flytting av Krigsskolen og andre forsvarsinstitusjonar i Oslo

## Internasjonal politikk

Senterpartiet vil føre ein utanrikspolitikkk der måla er å styrkje folkestyret, sikre rettferdig fordeling, styrkje menneskerettane og medverke til ansvarleg fordeling og bruk av naturressursar. Hovudpilarane i utanrikspolitikken skal framleis vere medlemskapen i Nato og ei aktiv pådrivarrolle i FN. I ei tid der internasjonale maktforhold er i rask endring framstår Nato-medlemskapen som stadig viktigare for å sikre tryggleiken for Noreg. Som eit lite land med store ressursar er Noreg avhengig av ein avtaleregulert verdsorden. Senterpartiet ønskjer at Noreg framleis skal vere ein aktiv pådrivar for ein FN-leidd verdsorden og for reform av FN-systemet for å oppnå ein meir effektiv verdsorganisasjon. Respekten for menneskerettane må liggje til grunn for det norske internasjonale engasjementet.

Globale fellesutfordringar må løysast i eit mellomstatleg system der politikarar er ansvarleg for løysingane. Vi treng eit FN med høg legitimitet og er ikkje tente med at nye arenaer som G20 eller koalisjonar av frivillige i større grad legg premissane for internasjonal politikk. FNs fokus på rettar er ei viktig motvekt mot økonomisk fokus i andre organisasjonar. Senterpartiet ønskjer derfor FN som ein sterkare aktør på fleire område, som til dømes finans og handel. Noreg må aktivt støtte reformarbeid i organisasjonen.

Økonomiske skilnader på verdsbasis kan utvikle seg til å bli tryggingpolitisk utfordringar. Fleire land rykkjer opp frå låg- til mellominntektsland, samtidig som skilnaden mellom fattig og rik aukar. Dette kan også utfordre stabiliteten, samtidig som vi veit at store skilnader i seg sjølv er hemmande for utvikling og for gode levekår. Senterpartiet ønskjer å føre ein politikk som medverkar til utjamning både mellom og i land. Senterpartiet meiner at Noreg framleis skal ha eit høgt nivå på utviklings- og nødhjelp. Landbruk er ein av sektorane som i åra framover bør bli prioritert høgare på utviklingsbudsjettet, ettersom ingen andre næringar kan måle seg med landbruket når det gjeld å skape sysselsetjing og økonomiske ringverknader for dei aller fattigaste i verda. Noreg har høg kompetanse og velfungerande modellar for organisering innan landbruket, noko utviklingspolitikken i større grad enn i dag bør dra vekslar på. Norsk utviklingshjelp bør fokusere tematisk på område der Noreg kan medverke med særskild kompetanse, deriblant landbruk, forvaltning av petroleumsressursar, marine ressursar og likestilling. Senterpartiet vil motarbeide korrupsjon, diktatur og vanstyre gjennom målretta, fagleg hjelp og styrking av sivilsamfunnet.

Internasjonal handelspolitikk må utviklast med berekraft og omfordeling som

rettesnorer. Senterpartiet meiner at alle land skal ha rett til å produsere mat til eige folk og vil stanse dumping av matvarer. Dette må også vere posisjonen for Noreg i internasjonale handelsforhandlingar. Noreg importerer om lag halvparten av forbruket sitt av landbruksvarer. Senterpartiet vil medverke til at den delen av landbruksimporten som kjem frå dei minst utvikla landa aukar, under føresetnad av at det styrkjer utvegane desse landa har til å mette sitt eige folk. Investeringar i landbruket i utviklingsland er den beste måten å sikre folket i verda nok mat i framtida. Det meste av landbruket i fattige land gjev lite utbytte og det er eit stort potensial for effektivisering. I dag er 70 prosent av maten i verda produsert på gardar med mindre enn to mål jord, og desse er i hovudsak drivne av kvinner. Får desse kvinnene meir for avlingane sine vil det medverke til redusert fattigdom og svolt.

Senterpartiet ønskjer ikkje ei ytterlegare liberalisering av verdshandelen. Ikkje alle sektorar eignar seg for liberalisering gjennom internasjonale handelsavtaler. Vi vil støtte opp om interessene til dei fattigaste landa i WTO. Senterpartiet meiner at blant anna naturressursar, viktig infrastruktur, kommunikasjon og sentrale offentlege tenester er område som ikkje bør liberaliserast i eit internasjonalt handelssystem. Fleirtalet av dei fattige landa er fyrst og fremst avhengige av betre infrastruktur for å få tilgang til heimlege og regionale marknader og handelsliberalisme hindrar ofte dette.

Klimakrisa er eit problem for heile verda. Tiltaka som blir sette i verk er viktige for alle land, ikkje berre for dei som blir ramma fyrst av krisa. Klimaflyktingane kan bli mange og dei tryggingpolitiske utfordringane store dersom store folketette område ikkje lenger er buande eller eignar seg for matproduksjon. Senterpartiet vil arbeide aktivt for sterke internasjonale klimaavtaler. Vi ønskjer å styrkje landbruksstønadene som eit klimatiltak.

Senterpartiet viser til at nordområda er det viktigaste utanrikspolitiske satsingsområdet for landet, med rike naturressursar, alternative for seglingsleier og stort potensial for utvikling. Senterpartiet vil leggje til rette for ein positiv utvikling i nord gjennom ein aktiv næringspolitikk, satsing på tryggleik, kompetanse og infrastruktur.

## **EU og EØS**

Noreg har i dag eit nært samarbeid med EU på ei lang rekkje område. Noreg og EU har gjensidig interesse av tett samhandling, men Senterpartiet vil framleis arbeide aktivt mot norsk EU-medlemskap. Senterpartiet jobbar for levande lokalsamfunn

over heile landet, som har handlefridom og sjølvråderett. Vi trur på eit aktivt folkestyre med korte avstandar mellom dei som tek avgjerder og dei det gjeld for. EU gjev folkestyret dårlegare kår. EU utviklar seg stadig meir i retning av ei føderal statsdanning. Den pågåande krisa i Europa, spesielt i eurolanda, har vist at EU som politisk prosjekt og euro-samarbeidet som økonomisk konstruksjon har veikskapar som Senterpartiet har åttvara mot i ei årrekkje.

Senterpartiet meiner at Noreg må ha ei restriktiv haldning til avståing av suverenitet over viktige samfunnsoppgåver gjennom EØS-avtala. Samtidig er medlemskap i EU enda meir vidtrekkande enn EØS, blant anna når det gjeld landbruks-, fiskeri-, finans-, utanriks- og forsvarspolitik. Medlemskap i EU ville vore ei utvikling i negativ retning for desse politikkområda.

Vi ønskjer å erstatte EØS-avtala med handels- og samarbeidsavtaler med EU for å sikre interessene våre. Senterpartiet har i regjering vist at det er mogeleg å utnytte handlingsrom knytet til pålegg frå EU, som differensiert arbeidsgjevaravgift og heimfallsrett. Dette har vore arbeids- og tidkrevjande prosessar som kunne ha vore løyst ved ei anna samarbeidsform med EU enn EØS-avtala. Så lenge Noreg er ein del av EØS vil Senterpartiet arbeide for ein aktiv bruk av reservasjonsretten. Vi vil også i større grad nytte handlingsrommet innanfor dagens avtale for å kompensere for negative sider ved avtale og samtidig initiere ein politisk dialog i EØS-rådet for å bøte på det demokratiske underskotet ved avtale.

### **Nordisk samarbeid**

Dei nordiske landa har i stor grad felles historie, kultur, språk, identitet og samfunnsmodellar, men Norden har endra seg etter at strukturane for det nordiske samarbeidet blei skapte. Senterpartiet vil ha ein full gjennomgang av Nordisk råd og Nordisk ministerråd. Vi vil verne om det nordiske fellesskapet, og jobbe for eit slankare, men djupare og meir målretta nordisk samarbeid. To eller fleire land må også kunne bruke strukturane til å utvide samarbeidet på enkeltområde, sjølv om ikkje alle landa ønskjer å delta. Dei nordiske landa bør styrkje samordninga av innsats og medverknad på internasjonale arenaer, og framleis utvide det forsvars- og utanrikspolitiske samarbeidet.

*Senterpartiet vil:*

- at Noreg skal arbeide for fleire internasjonalt forpliktande miljøavtaler under FN

- arbeide for ei ny klimaavtale som inkluderer alle land etter Kyoto-perioden. Denne må baserast på prinsippet om at dei rike landa ber hovuddelen av kostnadene for klimaendringane som alt er oppståtte
- at handels- og investeringsavtaler ikkje må undergrave politisk sjølvråderett og råderetten over naturressursane
- at Noreg skal bruke bistand aktivt for å medverke til at det blir produsert nok mat i verda og samtidig redusere klimautsleppa gjennom økt satsing på småskalaproduksjon i landbruket
- ha som mål å auke satsinga på landbruksstønad til minimum 10 prosent av bistandsbudsjettet, og at bistanden skal dra vekslar på den norske måten å organisere landbruket på
- arbeide for eit nytt WTO-mandat basert på prinsippet om rett og plikt for alle land til eigen matproduksjon
- leggje betre til rette for at importerte varer som både rike og fattige land produserer blir importerte frå dei fattigaste landa (MUL-landa)
- at Noreg skal arbeide internasjonalt for at alle formar for eksportstønad og dumping av matvarer skal stanse
- sikre at distrikts- og regionalpolitikk, nasjonal helsepolitikk, sysselsetjingspolitikk og likestillingspolitikk ikkje skal kunne utfordrast av internasjonale handelsreglar
- stå som garantist mot norsk EU-medlemskap og arbeide aktivt mot ein norsk EU-søknad
- erstatte EØS-avtala med handels- og samarbeidsavtaler med EU
- at det norske folket sjølv skal påverke avgjerda om Noreg skal vere medlem i EØS, og ha eit framtidig mål om ei folkerøysting om EØS-medlemskap for Noreg
- bruke reservasjonsretten i EØS-avtala meir aktivt, og konsekvent avvise regelverk som ikkje er EØS-relevant
- reservere oss mot direktiv og forordningar gjennom EØS eller mot andre avtaler som trugar den norske velferdsmodellen eller grunnleggjande norske interesser
- styrkje grensekontrollen gjennom å tilføre auka ressursar til toll og politi
- jobbe aktivt for å melde Noreg ut av Schengen-avtala
- arbeide for tettare samarbeid med Storbritannia i EU- og EØS-spørsmål

- at Noreg prioriterer ein nordisk styrke i FN-regi framfor medverknad i den nordiske militære innsatsgruppa til EU
- at internasjonale operasjonar Noreg deltek i, blir grundig evaluert
- ha eit internasjonalt forbod mot atomvåpen

## **Innvandring**

Senterpartiet vil føre ein innvandringspolitikk som set menneskeverd i fokus og der enkeltmennesket har klare rettar og plikter. Eitkvart individ som søker asyl og opphald i Noreg, skal ha tryggleik for at rettstryggleiken er vareteken og at ein får oppfylt rettane sine som individ.

Arbeidsinnvandring til Noreg utgjer eit monaleg tilskot til folkeoverskotet i alle regionar. Den utgjer ein viktig faktor i norsk økonomi, samtidig som det stiller oss overfor nye utfordringar når det kjem til korleis velferdsstaten skal innrettast.

Den totale innvandringa må ikkje vere høgare enn at det kan handterast ved løpande integrering og innanfor den noverande og framtidige infrastrukturen vår. Vi må unngå at den totale innvandringa skjer raskare enn vi kan tilby skular, veg, kollektivtransport og bustader. Dei komande åra må den totale innvandringa i pressområde reduserast.

### **Arbeidsinnvandring**

Arbeidsinnvandring har i løpet av dei siste tiåra gjeve eit positivt tilskot til norsk økonomi og velferdsutvikling. Senterpartiet ønskjer å leggje til rette for at arbeidsinnvandringa blir styrt til alle regionar av landet for å medverke til næringsliv og aktivitetsvekst. I dag skriv nettoinnflyttinga til Oslo-regionen seg fyrst og fremst frå innvandring. Å kanalisere denne delen av folkeauken til andre regionar er naudsynt for å sørge for god regional balanse i busetjing og næringsutvikling på sikt.

Vi meiner at arbeidsinnvandring til Noreg må vere basert på behova i norsk arbeidsliv så langt det lèt seg gjere. Konkret tyder dette at vi ønskjer ei strengt regulert arbeidsinnvandring frå land utanfor EØS, der krava til blant anna spesialistkompetanse må følgjast strengt.

Eksport av velferdsordningar til EØS-området representerer ei utfordring for dei norske velferdssystema ettersom store folkegrupper opparbeider seg velferdsrettar etter kort tids opphald i Noreg. På sikt utfordrar dette berekrafta til det norske velferdssystemet. Senterpartiet stiller spørsmål ved innretninga på ordningane og meiner det er behov for innstramming og å utfordre EØS-avtala på dette området.

Det er tendensar til at arbeidsinnvandring utfordrar lønnsdanninga i Noreg, spesielt i yrke der ein ikkje treng å meistre norsk som arbeidsspråk. Vi meiner at norske styresmakter må regulere arbeidslivet best mogeleg for å unngå dette.

## **Asylpolitikk**

Senterpartiet vil ha ein konsekvent asylpolitikk der rettstryggleik og menneskerettar er varetekne. Senterpartiet vil vidareføre hovudlinene i den nye utlendingslova som tok til å gjelde i 2010. Eit godt lovverk og ein føreseieleg praksis skal vere grunnstamma i asylpolitikken. Senterpartiet ønskjer ein klar praksis slik at ein ikkje gjennom uklare signal medverkar til auka tilstrøyming av menneske som ikkje har grunnlag for vern, og som dermed ikkje får opphald. Dette vil medverke til å redusere talet på grunnlause asylsøknader og behandlingstida i asylforvaltinga, noko som vil kome dei med vernebehov til gode.

Senterpartiet er oppteke av at det beste for born blir tillagt spesiell vekt i opphaldssaker. Noreg må følgje FNs barnekonvensjon. Utlendingsstyresmaktene må organiserast på ein måte som sikrar ei rask og forsvarleg saksbehandling og at det rettstryggleiken for den einskilde blir vareteken. Ventetida på asylmottak må gjerast meiningsfylt og kortast mogeleg.

Vi må motverke at personar oppheld seg ulovleg i Noreg. For å vareta den allmenne rettsoppfatninga til folk må ein styrkje lovverket når det gjeld å handtere utlendingar som representerer ein tryggleiksrisiko, eller utgjør ein fare for samfunnet eller enkeltpersonar.

I tilfelle der utanlandske statsborgarar med opphald i Noreg utgjør ein tryggingssfare for riket eller medverkar til terrorverksemd i inn- eller utland, kan det oppstå eit motsetningsforhold mellom internasjonale forpliktingar, nasjonal lovgjeving og omsynet til nasjonal trygging. Det er viktig at legitimiteten til asylinstituttet i folket blir vareteken ved at det i praksis vernar dei som har behov for vern, og ikkje blir misbruka for andre føremål. Derfor vil vi etterstreve å utvikle ei lovgjeving som varetek dei internasjonale pliktene våre, nasjonale reglar og samtidig gjev høve til å kunne reagere meir effektivt mot misbruk av asylinstituttet enn tilfellet er i dag.

*Senterpartiet vil:*

- føre ein flyktning- og asylpolitikk som byggjer på dei internasjonale pliktene våre og tilrådingane frå FNs høgkommissær for flyktningar
- redusere saksbehandlingstida i utlendingsforvaltinga samtidig som rettstryggleiken blir vareteken
- styrkje innsatsen for å handtere utlendingar som representerer ein tryggingssrisiko
- sikre god oppfølging av einslege mindreårige asylsøkjjarar

- auke tal kvoteflyktingar til 1500
- setje tak på tal mogelege ankar i utlendingsforvaltinga for å sikre at asylsøkjjarar med avslag på søknader raskare forlèt Noreg

## **Urfolk og nasjonale minoritetar**

Senterpartiet vil styrkje språk, kultur, nærings- og samfunnsliv for samane og dei nasjonale minoritetane. Vi vil styrkje arbeidet for dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg, særleg gjennom å styrkje ansvaret til Sametinget og kommunane. Senterpartiet vil aktivt støtte opp om det samiske sivilsamfunnet og organisasjonane til dei nasjonale minoritetane.

### **Sametinget**

Senterpartiet vil at Sametinget skal utvikle samisk språk, kultur, næringar og rettar på grunnlaget til samane sjølve. Senterpartiet vil sikre Sametingets konsultasjonsrett med regjering og storting. Departementa må ha tydelege rutinar som sikrar at konsultasjonsretten blir oppfylt i alle saker som har verdi for det samiske folket.

### **Samiske næringar**

Senterpartiet vil styrkje rammevilkåra for næringsutøving i samiske busetjingsområde. Senterpartiet vil ta vare på og vidareutvikle eit levande landbruk i dei samiske kjerneområda. Senterpartiet vil arbeide for at reindrifta og andre etablerte næringar skal leve godt side om side, og at det blir sikra tradisjonelle rettar til fiske for folket i dei sjøsamiske områda.

### **Nasjonale minoriteter**

Senterpartiet vil leggje til rette for at dei nasjonale minoritetane, jødar, kvenar, skogfinnar, rom (sigøynarar) og romanifolk (taterar), skal kunne vareta og vidareutvikle eigen kultur, språk og identitet.

*Senterpartiet vil:*

- følgje opp handlingsplanen for samiske språk og stortingsmeldinga om samepolitikken
- styrkje samisk språkopplæring i skular og barnehagar
- opne for at elevar i dei samiske områda kan velje samisk i staden for sidemål
- arbeide for at det blir utdanna fleire helse- og sosialarbeidarar med samisk språk- og kulturkompetanse, og sikre tilgangen på samiske tolkar ved helseinstitusjonar

## 5. DELING AV SAMFUNNSGODE

---

Senterpartiets mål i velferdspolitikken er å utjamne geografiske og sosiale skilnader, å gje alle tilgang til utdanning og helsestell av god kvalitet, å sikre eit arbeidsliv med plass til alle, å sørgje for robuste og berekraftige velferdsordningar og å ta vare på den norske velferdsmodellen. For å oppnå dette støttar vi opp om ein sterk offentleg sektor, som er garantisten for gode velferdstenester i heile landet. Vi meiner at ansvaret for å sørgje for velferd bør liggje så nært innbyggjarane som mogeleg. Derfor ønskjer vi at kommunane skal ha ein stor del av ansvaret for ulike velferdstenester. Det må vere samsvar mellom pålagde oppgåver og løyvingar. Senterpartiet vil halde fram med å styrkje kommuneøkonomien og utjamne økonomiske skilnader mellom kommunane. Vi ønskjer at tenestetilbodet skal vere mest mogeleg tilpassa den einskilde. Dette blir sikra best gjennom å gje kommunane høve til å finne lokalt tilpassa løysingar. Vi ønskjer å avgrense statleg overstyring i form av lovfeste rettar fordi det gjev den einskilde kommunen mindre handlingsrom.

Nokre skilnader i samfunnet er positive, mens andre skilnader er uønskte. Dei ønskte ulikskapane er dei vi vel sjølve, som bustad, utdanning og fritidsinteresser. Dei uønskte skilnadene er resultat av omstende vi ikkje kan noko for og som hindrar oss i å nå måla våre, som å bli sjuke eller alvorleg skadde. Senterpartiet vil ta i bruk politiske verkemiddel for å skape meir rom for dei ønskte skilnadene og minske dei uønskte skilnadene.

### **Fordeling – utjamning av geografiske og sosiale skilnader**

Fordeling er ein av grunnpilarane i den norske velferdsstaten. Menneske som har like økonomiske og sosiale sjansar vil møtast på mange arenaer og danne fellesskap. Dette skaper eit samhald i samfunnet som er av uvurderleg verdi. Derfor vil Senterpartiet jobbe for å skape eit samfunn med små skilnader mellom folk. Vi meiner at det skal vere små inntektsskilnader mellom ulike typar arbeidstakarar, bransjar og regionar. Vi vil ha eit skattesystem som byggjer på prinsippet om skatt etter evne.

Fordeling skjer på mange ulike arenaer. For Senterpartiet ei den geografiske

utjamninga av skilnader like viktig som den sosiale. Vi vil redusere levekårskilnader mellom ulike delar av landet gjennom å ta i bruk skatte-, avgifts- og inntektspolitikken, og vidareføre samarbeidet med dei største bykommunane om å redusere dei store levekårskilnadene mellom ulike bydelar.

Ettersom samfunnet blir meir mangfaldig blir fellesarenaene stadig viktigare. For Senterpartiet er det viktig å sørge for at alle får tilgang til desse arenaene. Vi meiner derfor at det offentlege skal ha ansvar for at alle har tilgang til tenester innan utdanning, helse og omsorg. Det offentlege skal som hovudregel også utøve velferda i praksis. Samtidig meiner vi at ideelle aktørar i nokre tilfelle kan utgjere eit viktig supplement til det offentlege som tenesteytar. Vi ønskjer å avgrense kommersiell finansiering av skular og helse- og omsorgstilbod fordi det bryt med ambisjonen vår om geografisk og sosial utjamning, og svekkjer det totale tenestetilbodet.

## **Arbeid – det skal lønne seg å jobbe**

Senterpartiet har som mål at flest mogleg skal jobbe, og at arbeidslivet skal ha ordna tilhøve og plass til alle. For å sikre dette støttar vi opp om trepartssamarbeidet, avtala om inkluderande arbeidsliv og reformer som gjer det lettare å kombinere arbeid med pensjon og andre velferdsytningar.

Arbeidskrafta er den viktigaste ressursen vår. Derfor er arbeidslinja ein føresetnad for å oppretthalde det høge velferdsnivået i Noreg. Eit variert arbeidsliv er nykelen til å gje alle høve til å finne ein arbeidsplass som passar for dei, og er dermed også nykelen til høg sysselsetjingsgrad.

Derfor vil Senterpartiet halde fram med å arbeide for at vi skal oppretthalde eit mangfald av næringar, bedrifter og organisasjonar i Noreg, og at desse skal ha høve til å utvikle seg i alle delar av landet.

Senterpartiet skal jobbe for balanserte løysingar som varetek behova både for arbeidsgjevar og arbeidstakar. Vi vil sørge for overordna regelverk som gjev gode vilkår for arbeidstakarar og hindrar sosial dumping. Vi vil føre ein politikk som gjer bedrifter til gode arbeidsplassar. Samtidig vil vi sørge for at vi ikkje pålegg bedriftene krav som dei ikkje kan overhalde utan at det går ut over lønsemda. Kostnader og plikter som blir pålagde private bedrifter av det offentlege må

avpassast det bedriftene kan klare å innfri.

Senterpartiet ønskjer ei sterk arbeidsmiljølov som sikrar ordna forhold i arbeidslivet. Samtidig går vi inn for at styresmaktene, saman med partane i arbeidslivet, gjer ein gjennomgang der dei vurderer behovet for å gjere endringar i dagens arbeidsmiljølov. Målet er å kunne innfri nye krav i arbeidslivet, samtidig som rettane til arbeidstakarane blir sikra.

Yrkesdeltaking bør vere målet også for personar som er sjuke eller som har nedsett funksjonsevne. Dette tyder at vi må ha eit arbeidsliv som er tilstrekkeleg fleksibelt og ope, slik at alle som har arbeidsevne får sleppe inn. I tillegg bør velferdsytningar i større grad enn i dag bli utbetalt som lønnstilskot i staden for som passive ytingar.

*Senterpartiet vil:*

- vidareutvikle den norske arbeidslivsmodellen
- arbeide for eit godt regulert arbeidsliv utan sosial dumping
- gå mot lovfesta minstelønn, men bruke ordninga med allmenngjering av tariffavtaler som eit verkemiddel i kampen mot sosial dumping
- verne om frontfagsmodellen som grunnverktøy i lønnsforhandlingar
- at faste tilsetjingar skal halde fram med å vere hovudregelen i norsk arbeidsliv
- arbeide for å unngå ufrivillig deltid
- heve den generelle aldersgrensa i arbeidslivet
- over tid fase ut ulike særaldersgrenser

## **Utdanning og forskning – læring for alle**

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå også i utdanningspolitikken. Vi ønskjer fastsetjing av få og klare nasjonale læringsmål, slik at kommunar og fylke skal få meir ansvar og større fridom i organiseringa av skulekvardagen. Vi ønskjer ein desentralisert skulestruktur og ein skule som utnyttar lokale og regionale fordelar og spelar på lag med nærmiljøet. Skulen skal ikkje vere verdinøytral, men ta utgangspunkt i verdiar som likestilling, likeverd, ytringsfridom, demokrati og den kristne og humanistiske kulturarven vår. Skulen er ein sentral arena for danning og har ein funksjon som kulturberar.

I dagens kunnskapssamfunn må det leggjast til rette for livslang læring der det blir

gjeve påfyll av kunnskap og høve til vidareutvikling livet igjennom.

Senterpartiets menneske- og samfunnssyn tilseier at alle skal ha lik rett til utdanning. Vi meiner at all opplæring skal vere tilpassa den einskilde, helst innanfor ramma av fellesskapet. Der det er naudsynt skal det likevel vere rom for å organisere undervisinga annleis, basert på behovet for tilpassa opplæring til den enkelte elev.

Dagens privatskulelov dekkjer eit tilbod med lange tradisjonar som eit supplement til fellesskulen.

Folkehøgskulane må få høve til å halde på eigenarten sin med vekt på kulturformidling, personleg utvikling og fagleg fordjuping.

Fråfall i vidaregåande skule er eit samfunnsproblem. Forsking viser at sporen til fråfallet er å finne alt i grunnskulen. Meir må derfor gjerast tidlegare for at færre skal bli skuletrøytte og falle ut av vidaregåande opplæring. Noko av løysinga er å finne i ei opplæring som blir opplevd meir relevant for yrkeslivet, og ein skule som gjev alle sjansar til å kjenne meistring, i tillegg til auka fokus på psykisk helse blant born og unge. Dette inneber at teoretisk og praktisk kunnskap må bli verdsett på lik line i skulen. Utdanningspolitikken skal sørge for at heile landet får høgt kvalifisert arbeidskraft som også er internasjonalt konkurransedyktig. Målet er at elevane skal gjere det betre i basisfaga og å heve elevane si interesse for, og resultat i realfag. Dette tyder at vi treng høgt teoretisk kunnskapsnivå som har rot i det praktiske. Samfunnet treng mange gode fagfolk, både med høgare utdanning og med fagbrev.

Hovudutfordringa i dagens skule er ikkje innhaldet i den nasjonale skulepolitikken, men manglande samsvar mellom nasjonale føringar og det som skjer ute i klasseromma. Derfor meiner vi at det ikkje er tid for nye nasjonale reformer. Snarare ser Senterpartiet behov for å gje skulen høve til å oppfylle dei nasjonale forventningane og sikre at alle elevar når dei vedtekne læringsmåla. Evna skulen har når det gjeld å kunne innfri forventningane er avhengig av kvaliteten på undervisinga. Derfor vil vi prioritere kvalitet i undervisinga framfor ytterlegare utviding av undervisningstida.

Senterpartiet ønskjer at både elevar og lærarar skal trivast på skulen. Eit viktig element i trivselen er at det finst gode skulebygningar og høve til å ha alternativ undervising. Norske skulebygningar skal rustast opp til dei er i samsvar med lovverket for inneklima. Senterpartiet vil vidareføre rentekompensasjonsordninga for opprusting av skulebygningar som sikrar kommunane og fylkeskommunane

rentefrie lån til dette føremålet.

Undersøkingar kan tyde på at så mange som halvparten av dagens tiåringar ikkje er symjeføre. Senterpartiet meiner det er naudsynt å styrkje symjeundervisinga i skulen, også som eit drukningsførebyggjande tiltak. Senterpartiet er positiv til at skulane lokalt gjennomfører symjetestar for å sikre tilpassa symjeundervising.

### **Grunnskule – ein heilskapleg skuledag framfor heildagsskulen**

Senterpartiet meiner at fridom til å finne gode lokale løysingar er betre enn nasjonal standardisering av skuledagen. Vi meiner at den einskilde skulen og den einskilde læraren må få større fridom og høve til å gje naudsynt tilpassa opplæring. Vi må halde fram med arbeidet med å gjere ungdomsskulen meir praktisk og relevant for arbeidslivet. For å innfri ulike behov i elevgruppa må skulen få høve til å gje større variasjon i undervisninga. Det er viktig at skulen har tilgang på spesialrom, utstyr og høve til ekskursjonar slik at undervisninga blir opplevd variert, praktisk og relevant. Senterpartiet vil gje meir undervisning i basisfaga i staden for å utvide tal fag. Senterpartiet ønskjer ei medvitsgjering av lokalpolitikarane si rolle som skuleeigarar med ansvar for innhald og kvalitet i grunnopplæringa. For at elevane skal ha god helse og godt læringsutbytte må skuledagen leggje til rette for eit sunt kosthald og nok fysisk aktivitet. Ordninga med frukt og grønt må ikkje fjernast, men bli utvida.

Senterpartiet ønskjer ikkje ein obligatorisk heildagsskule. Skulefritidsordninga (SFO) halden på som ei frivillig ordning med foreldrebetaling og utan obligatoriske aktivitetar. Ulike familiar har ulike behov. Gratis leksehjelp bør vidareførast som del av tilbodet i SFO, og pedagogisk tilsette må stå ansvarleg for rettleiinga. Organiseringa av SFO må vere eit lokalt ansvar, men det må gjevast rettleiande retningsliner som handlar om fysisk tilrettelegging og bemanningstettleik.

Senterpartiet meiner ein sterk fellesskule er spesielt viktig på barneskuletrinnet. I eit meir mangfaldig samfunn er gode felles møtearenaer viktig og barneskulen den viktigaste.

### **Vidaregåande opplæring**

Senterpartiet meiner at eit breitt tilbod innan vidaregåande opplæring over heile landet er viktig. Slik kan alle få eit godt utdanningstilbod og høve til å bu heime mens dei går på vidaregåande skule. Senterpartiet vil ha tydeleg kunnskapsfokus i dei studieførebuande linene og større vekta på praktiske dugleikar i dei yrkesretta studieretningane. Senterpartiet ser med uro på fråfallet i vidaregåande skule.

Spesielt er fråfallet i yrkesfaga urovekkjande høgt. Yrkesfaga er blitt for teoritunge og tek sikte på å dekkje eit for breitt fagfelt. Tilbakemeldingar frå næringane som tek imot lærlingar tyder også på at elevane kan faga sine for dårleg etter avslutta utdanning. Vi meiner at elevane må møtast av eit system med større fleksibilitet der dei kjem raskare ut i praksis og får tidleg kjennskap til faget sitt. Vi treng ei fagopplæring som varetek behovet til elevane og arbeidslivet på best mogeleg måte.

Senterpartiet ønskjer ikkje ei ny stor skulereform, men ei justering av yrkesfaga. Vi ønskjer å splitte opp fleire av Vg1-kursa. Det vil sikre kvaliteten på utdanninga og samtidig halde på motivasjonen hos elavane til å fullføre. Ei justering av yrkesfaga må føre til at dei teoretiske faga blir innretta slik at dei innfrir behovet hos fagarbeidaren i utøvinga av yrket sitt. Teori er naudsynt, men for yrkesfaga bør han vere praktisk og ikkje akademisk innretta. Teorifaga må derfor vere betre yrkesretta enn i dag.

Senterpartiet vil arbeide for ei generell styrking og betre organisering av skulehelsetenesta i den vidaregåande skulen, slik at det blir eit reelt lågterskeltilbod for alle.

Ikkje alle elevar har faglege føresetnader til å gjennomføre eit ordinært yrkesfagløp. Det finst alternative vegar til målet. Fylkeskommunane må bli flinkare til å gje elevane høve til fleksible løp der ein kjem raskt ut i praksis og tek teorien etter kvart som eleven blir meir motivert.

Nok læreplassar er viktig for å hindre fråfall. Mange som ikkje får læreplass mister motivasjonen for å fullføre utdanninga og droppar ut. Samtidig veit vi at det offentlege har eit stort, og aukande, behov for faglært arbeidskraft. Lærlingane må få tildelt læreplass tidlegare enn i dag. Fylkeskommunane må ha tett og forpliktande samarbeid med næringslivet slik at alle elevar kan bli tilbode plass før dei sluttar Vg2.

For elevar mellom 15 og 20 år som må reise frå heimen for å gjennomføre vidaregåande opplæring, skal stipendordningar dekkje meirkostnader til livsopphald.

Senterpartiet meiner at det trengst ei nasjonal satsing på norsk handverktvikling og opplæring i verneverdige fag. Handverkskunnskap er ein del av kulturarven og er samtidig avgjerande for å ta vare på annan kulturarv.

## **Høgare utdanning**

Senterpartiet vil føre ein utdannings- og forskingspolitikk som set klare krav til studentar om å fullføre påbyrja utdanning, og som oppmodar til fagleg fordjuping og forskning. Vi ønskjer å auke grunnløyvinga til høgskular og universitet for å gjere utdanningsinstitusjonane mindre avhengige av ekstern finansiering og stabilt studenttal. Sterkare grunnfinansiering vil gjere det mogeleg å oppretthalde nasjonale universitet med høgt akademisk nivå og smale, men akademisk viktige fag. Auka grunnfinansiering er også med på å sikre den desentraliserte høgskulestrukturen, som er viktig for å utdanne til dømes mange nok sjukepleiarar eller lærarar. Det skal satsast på å utvikle spesialiserte fagmiljø, utvikle samarbeidet mellom universiteta og høgskulane og styrkje studiesentera.

For mange av høgskuleutdanningane og somme av universitetsutdanningane bør praksis bli ein meir integrert del av studieløpet. Senterpartiet vil støtte tiltak for å få inn meir praksis i utdanningsløp der det er relevant.

Dei fleste som blir utdanna ved norske universitet og høgskular skal arbeide i Noreg og må meistre eit norsk fagspråk. Undervising og lærebøker på norsk (bokmål og nynorsk) er viktig for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk som fagspråk. Fastpris på fagbøker er viktig for å oppnå desse målsetjingane.

Ikkje alle utfordringar på framtidens arbeidsmarknad blir løyste gjennom universitets- og høgskulesystemet. Senterpartiet ønskjer å styrkje fagskulane fordi vi meiner dei svarer på behovet for arbeidskraft i arbeidslivet.

Senterpartiet ønskjer å styrkje den økonomiske situasjonen for studentar. Det kan vere utfordrande å skaffe seg bustad og tilstrekkeleg studiefinansiering. Senterpartiet vil fyrst og fremst byggje fleire studentbustader, men også på sikt innføre elleve månaders studiestønad.

## **Forsking**

Grunnleggjande og langsiktig kunnskapsoppbygging krev ei fri, kritisk og uavhengig forskning. Kontakt mellom forskingsmiljøa og samfunnet elles er avgjerande for å sikre praktisk bruk av forskingsresultat i næringsutvikling, forvalting og samfunnsutvikling. Omfanget av og kvaliteten på den nasjonale forskingsinnsatsen vår vil ha avgjerande verdi for å sikre konkurranseevna vår internasjonalt. Det offentlege har eit særleg ansvar for å vareta vilkåra til grunnforskning. Senterpartiet vil arbeide for at forskning og forskarar får gode rammevilkår og at det blir sett i verk tiltak for å rekruttere til forskarstillingar.

Eit kunnskapsbasert næringsliv føreset tett samarbeid mellom universitet, høøgskular, forskingsinstitusjonar og næringslivet sjølv. Vegen fram til kommersialiserte resultat må bli understøtta og letta slik at forskinga kan danne grunnlaget for innovasjon og gründerverksemd.

Det er viktig for Noreg å vere eit føregangsland på forskning innan fossile og fornybare energikjelder, men også annan teknologi. Det vide spekteret i forskingsmiljø på universitet og høøgskular må oppretthaldast.

### **Læraren**

Ein god lærar er avgjerande for læringa til elevane. For å sikre godt læringsutbytte hos elevane, trengst dei lærarane som er fagleg og pedagogisk sterke og trygge i undervisningssituasjonen. Senterpartiet ønskjer å redusere rapporteringsbyrden og møteverksemda for læraren. Senterpartiet vil ha høøg kvalitet på grunnskulelærerutdanninga og arbeide for at alle lærarar tek jamleg etter- og vidareutdanning. Kommunane må sørge for at ufaglærd personale i skulane får tilbod om å ta relevant utdanning som til dømes lærarutdanning. Bemanninga i skulen må aukast, også med andre yrkesgrupper.

Lærarar som underviser på lærarutdanningsinstitusjonane må jamleg ut i praksis i skulane. Grunnskulelærerutdanninga blir halden på som eit fireårig profesjonsstudium. Alle nyutdanna lærarar skal ha tilbod om rettleiing fyrste året. Faglærerutdanningane må få eit spesielt fokus og hospitering må bli ein naturleg del av etterutdanninga. Senterpartiet har ambisjonar for skulen, tek ansvar og viser læraren tillit.

### **Rådgjevingstenesta**

Rådgjevingstenesta må styrkjast. Det bør vurderast å dele rådgjevingstenesta i ein fagleg og ein sosial del. Det bør satsast på ei eiga utdanning for rådgjevarar. I tillegg bør det bli fleire nettbaserte løysingar for å få gode råd om vidare utdanning. Det er også viktig med godt samarbeid mellom rådgjevingstenesta i ungdomsskulen og i vidaregåande skule, slik at overgangen mellom dei to og vidare til universitet, høøgskule eller arbeidslivet ikkje blir for krevjande.

## Livslang læring

Livslang læring må skje på tre arenaer: i utdanningssystemet, på arbeidsplassen og i sivilsamfunnet. For Senterpartiet er det viktig med geografisk utjamning av tilgang til kunnskap, og vi vil derfor spesielt vareta desentraliserte høgskuletilbod, studieforbund og fjernundervisning. Kurs gjennom frivillige organisasjonar er viktige for kompetanseutviklinga. Senterpartiet vil derfor styrkje studieforbunda.

I dagens stadig meir komplekse samfunn krev dei fleste arbeidsplassar at ein har basiskompetanse i lesing, skriving, rekning og IKT. Fordi mange vaksne manglar slik basiskompetanse, er det viktig at "Program for basiskompetanse i arbeidslivet" blir vidareført. Programmet bør utvidast til å omfatte grupper som er utanfor arbeidslivet.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje lærarrolla gjennom meir praksis i utdanninga
- sørge for meir midlar til etter- og vidareutdanning av lærarar
- halde på SFO som ei frivillig ordning
- halde på karakterane i ungdomsskulen
- arbeide for innføring av skulemåltidet
- at alle elevar i grunnskulen skal få høve til minst ein time fysisk aktivitet i skuletida dagleg
- sikre leirskuletilbodet, bl.a. gjennom gode refusjonsordningar
- gjere nasjonale prøver i grunnskulen til utvalsprøver for å redusere ressursbruken knytt til prøvene og unngå uheldig samanlikning mellom skular
- at all ungdom skal få sjanse til å delta i elev- og ungdomsbedrift
- gje alle rett til vidaregåande opplæring ved å oppheve skiljet mellom ungdom med og utan rett til vidaregåande opplæring
- ha betre fleksibilitet i opplæringsløpet for yrkesfagprogram enn dagens modell (2+2) legg opp til
- gje fleire elevar tilbod om alternative opplæringsløp til hovudmodellen i dagens fagopplæring
- splitte opp somme yrkesfagprogram slik at elevane får meir tid til fagleg fordjuping og tidlegare spesialisering

- at alle kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder skal setje seg forpliktande mål for inntak av lærlingar. Kommunane skal ha minimum to lærlingar per 1000 innbyggjar
- at elevar som fullfører ei yrkesfagleg utdanning med fag-/sveinebrev skal få rett til å ta eit påbyggingsår for å få generell studiekompetanse
- auke lærlingtilskotet til bedriftene, og fjerne arbeidsgjevaravgifta for lærlingar
- gje elevar som stryk på eksamen høve til å ta opp eksamen på seinsommaren, dette for at elevane skal sleppe å vente eit heilt år på å ta opp eksamen igjen
- opne for fleire "hybrid-liner" som kombinerer yrkesfag med studiespesialiserande fag
- tilby praksisbrev som eit opplæringsløp ved alle vidaregåande skular med yrkesfag
- at fylkeskommunen skal gje tettare oppfølging av lærlingane gjennom heile læretida
- utvide utstyrsstipendet slik at gratisprinsippet og behovet for utstyr i det enkelte fag blir vareteke
- leggje til rette for praktisk utdanning innan opplæring i verneverdige fag som del av den høgare utdanninga
- styrkje skulehelsetenesta i den vidaregåande skulen
- framleis sikre driftstilskot til folkehøgskulane, vidareføre stipendordningar og verdsetje elevinnsatsen gjennom poeng ved opptak til andre skular
- stå fast på målet om at forskingsinnsats skal opp på tre prosent av BNP I tillegg til større løyvingar til forskning over offentlege budsjett, må også næringslivet i større grad medverke til at målet blir nått
- sikre regional fordeling av forskingsmidlane for å utvikle gode universitets- og høgskulemiljø over heile landet og for å skape grunnlag for utvikling av nye verksemder basert på regional forskingsinnsats
- at fordeling av studieplassar og finansieringssystem for universiteta og høgskulane skal medverke til å motverke sentraliseringspresset i høgare utdanning, og heller styrkje viktige desentraliserte tilbod og utdanningsinstitusjonar

- auke tal studieplassar på realfagsstudia og jobbe for at det i samarbeid med vidaregåande skular og næringsliv blir sett i verk tiltak for å rekruttere til desse studia
- styrkje naturvitskapleg utdanning med fleire studieplassar
- auke stipend og lånesatsane i takt med kostnadsutviklinga og gjere det mogeleg å studere på heiltid
- gjeninnføre fyrsteårsstønaden til studentar som tek bachelorgrad i eit ikkje-vestleg land eller USA
- styrkje tilbodet innan livslang læring, medrekna vaksenopplæringstilbodet i regi av frivillige organisasjonar

## Helse – førebygging framfor reparasjon

Senterpartiet ønskjer ein helsesektor basert på prinsippa om nærleik til og kvalitet i tenestene. Vi ønskjer behandlingstenester nært der folk bur med ei god spesialisthelseteneste med fagleg tyngd, høg kvalitet og berekraftig økonomi. Vi ønskjer gode sjukehus, ambulanseteneste og ei robust legevaktordning i heile landet. Nærleik til tilbodet talar imot marknadstenking og privatisering innanfor helsesektoren. Kapital blir trekt dit kundegrunnlaget og betalingsevna er størst. Dette fører til eit dårlegare helsetilbod i distrikta og i område med svak økonomi. I tillegg dreg innsatsstyrte finansieringsmodellar fokus mot spesialisert og avansert medisin ved sjukehusa, bort frå svake pasientgrupper som kronisk sjuke og eldre.

Frivillige organisasjonar har gått føre i utviklinga av gode helse- og omsorgstenester. Senterpartiet vil vidareføre og styrkje samarbeidet med frivillig sektor både innanfor statleg og kommunalt styrte tenester. Vi vil sikre frivillige/ideelle tilbydarar innan helse- og omsorgsfeltet gode rammevilkår og føreseieleg drift. Senterpartiet meiner at dagens anbodssystem med frivillige/ideelle organisasjonar har mange veikskapar, og bør avviklast til fordel for løpande avtaler med det offentlege, basert på kvalitet.

Mesteparten av helsearbeidet går føre seg nær der folk bur, i kommunane. Senterpartiet vil prioritere folkehelsearbeidet høgt. Det handlar om å prioritere helsefremjande løysingar på alle samfunnsområde som arealplanlegging, transport, fritidstilbod, arbeidsliv osv. I tillegg må det førebyggjande perspektivet vektleggjast i alle delar av dei lokale helsestasjonane frå jordmor til helsestasjon, skulehelsetenesta, fastlækjarordninga, eldreomsorga og psykiatrien. Førebygginga skal skje der folk bur og vere ein naturleg del av folks møte med helsestellet, heile livet. Senterpartiet vil gjere folkehelse til ein naturleg del av samfunnsplanlegginga. Helsearbeidet er ei viktig grunngeving for Senterpartiets mål om ein betre kommuneøkonomi.

### Ein førebyggjande helsesektor

Sosiale helseskilnader er den aller største helseutfordringa i samfunnet. Helse og sjukdom er ulikt fordelt, og avhengig av faktorar som inntekt og utdanning. Dette er helseskilnader som ein kan førebyggje. Mange av dei utbreidde folkesjukdomane har samanheng med dårleg kosthald, inaktivitet og bruk av rusmiddel og tobakk. Utbreiinga av desse sjukdomane og alvorsgraden for den einskilde sin sjukdom kan

reduserast med betre førebyggjande arbeid. Senterpartiet ønskjer å ta i bruk verkemiddel i fleire samfunnssektorar for å møte desse utfordringane med meir førebygging og mindre reparasjon.

Grunnlaget for folkesjukdomane blir ofte lagt i ung alder. Derfor må førebygginga starte tidleg. Born og unge brukar mykje tid i barnehage, på skulen og i SFO. Dette er viktige arenaer for å utvikle gode vanar for kosthald og fysisk aktivitet som dei kan ta med seg vidare i livet. Samfunns- og arealplanlegging må leggje til rette for fysisk aktivitet i kvardagen. Det skal vere lett å ta sunne val. Derfor ønskjer vi blant anna tryggje skuleveggar som er tilrettelagde for sykkel og gonge, og eit aktivt fritids-, idretts- og kulturtilbod over heile landet. Senterpartiet vil vektleggje tiltak som medverkar til at kosthaldet i folket blir endra i tråd med tilrådingane frå helsestyresmaktene. Avgiftspolitikken på matvarer må byggje opp under helsepolitiske mål for å fremje sunne matvarer.

Alkoholforbruket i Noreg er aukande, og alkohol er det mest vanlege og det hyppigast misbruka rusmiddelet. Senterpartiet har som mål å redusere alkoholforbruket. Kontrollert tilgang til og høge avgifter på alkohol viser seg å vere effektive tiltak for å nå dette målet, og Senterpartiet vil vidareføre dagens avgiftsnivå. Den same tilnærminga bør takast i bruk for å redusere forbruket av tobakk.

Narkotika er eit stort samfunnsproblem. Senterpartiet er oppteke av det helsefaglege aspektet – tunge narkotikamisbrukarar er alvorleg sjuke menneske som fortener eit meir heilskapleg og effektivt behandlingssopplegg enn i dag. Senterpartiet ønskjer å utvide bruken av alternative straffereaksjonar i narkotikasaker.

6 av 10 unge uføre hadde i 2009 ein psykiatrisk diagnose. Tilfelle av psykiske lidingar stig i alle aldersgrupper, men det er spesielt urovekkjande at auken hos den yngste gruppa er dobbelt så stor som i andre grupper. Senterpartiet meiner derfor det er viktig å auke kunnskapen om psykisk helse blant ungdom og at dei som har behov for hjelp får det raskt og på eit tidleg stadium i lidinga.

### **Samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta**

Senterpartiet ønskjer at behandling skal skje på det lågaste effektive omsorgsnivået. Vi vil sentralisere det vi må og desentralisere det vi kan av helsetenester. Hovudansvaret for helsetenestene skal liggje i den einskilde kommunen, og alle skal ha eit godt helsetilbod nær der dei bur. IKT-systema

mellom kommunane og sjukehusa må utviklast slik at det er god kommunikasjon dei imellom. Senterpartiet legg til grunn at alle skal ha eit likeverdig helsetilbod som ei trygg ramme for busetjing og utvikling i heile landet. Vi vil aktivt følgje opp intensjonane i samhandlingsreforma og styrkje kommuneøkonomien for å betre alternativa for kommunane til å førebyggje og tilby lokal behandling. Dette er også god samfunnsøkonomi fordi det er billigare å førebyggje enn å reparere.

Prinsippet om rett behandling på rett nivå stiller store krav til helsestellet. Etablering av lokalmedisinske senter skal ikkje erstatte dagens lokalsjukehus, men dei må fungere i eit godt samspel. Lokalsjukehus er ein del av spesialisthelsetenesta og tilbyr blant anna kirurgisk og indremedisinsk behandling og vernebuing på døgnbasis. Lokalmedisinske senter skal vere ein del av kommunehelsetenesta, og ein arena for dagtilbod og polikliniske tenester frå spesialisthelsetenesta.

Kommunehelsetenesta har ansvar for den største delen av førebyggingsarbeidet i helse- og omsorgssektoren. Men spesialisthelsetenesta og sjukehussektoren har fått mykje av ressursauken i helsebudsjettet. Senterpartiet ønskjer å prioritere primærhelsetenesta i kommunane.

### **Bioteknologi – etiske dilemma om liv**

Bio- og genteknologi opnar for viktige spørsmål som må sjåast i ein etikk- og verdisamanheng. Senterpartiet meiner at bio- og genteknologien må møtast med ei haldning om at alle menneske har rett til liv, uavhengig av ulike høve til utvikling og evner. Lovverket må vareta dei positive tilboda som ligg innanfor feltet, samtidig som det blir sett klare grenser for kva som er akseptabelt ut frå etikk, medisin og ressursar. Senterpartiet vil understreke at det ikkje må vere den tekniske utviklinga aleine som skal vere avgjerande. Det må trekkjast ei grense for kva det offentlege har ansvar for når det gjeld å hjelpe menneske med å få born. I saker om bioteknologi som handlar om born, skal barnet sitt beste kome fyrst. Det må leggjast vekt på at born så sant det er mogeleg, bør få kjennskap til dei biologiske foreldra sine. Med den rivande utviklinga som skjer innan bioteknologisk forskning, er det viktig at nye problemstillingar og kunnskap blir gjorde tilgjengeleg og lagt fram for open debatt.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje kommuneøkonomien for å setje kommunane i stand til å tilby gode helse- og omsorgstenester og for å sikre rekruttering av helsepersonell

- ha ei geografisk definert responstid for ambulansetenester og etablere luftambulansebasar for dei områda som i dag ikkje har dekning
- lovfeste ordninga med brukarstyrd personleg assistanse, slik at fleire funksjonshemma kan kome seg ut i arbeidslivet og leve eit sjølvstendig og uavhengig liv
- gje frivillig sektor ei sterkare rolle i gjennomføringa av folkehelseiltak
- arbeide for at det blir etablert frivilligsentralar og frisklivssentralar i alle kommunar
- at kommunane må ha tilgjengelege avlastingsplassar som kan bli tilbode når oppgåvene blir for vanskelege for pårørande som utfører heimebasert omsorg
- styrkje helsestasjonane og skulehelsetenesta
- auke kapasiteten i barne- og ungdomspsykiatrien
- stimulere til interkommunalt samarbeid for å sikre at alle kommunar har tilstrekkeleg fagleg kompetanse og kapasitet innanfor psykiatri, legevakt, barnevern og rusomsorg
- opne for alternative turnus- og skiftordningar i heildøgns pleie- og omsorgsinstitusjonar. Nye løysingar skal baserast på avtaler mellom arbeidsgjevar og organisasjonane for dei tilsette
- ha gratis tannhelsebehandling fram til 21 år
- utvide Folketrygda sitt ansvar for å dekkje utgifter til tannhelse til fleire grupper med spesielle behov i tillegg til dei gruppene som så langt har kome inn under slike ordningar
- vidareføre dagens restriktive politikk for alkohol og tobakk
- gje kommunane fullmakt til å regulere skjenketidene sjølve, innanfor dagens lovverk med maksimal skjenketid til kl. 03.00 for heile landet
- oppretthalde Vinmonopolet og utvide butikknettlet vidare slik at alle har rimeleg nærleik til utsal
- leggje til rette for at Vinmonopolet kan overta taxfreeutsala på flyplassane, under føresetnad av at dette ikkje medverkar til nedlegging av flyplassar
- vidareføre strengje straffer ved narkotikalovbrot og oppretthalde lovforbodet mot cannabis
- utvide bruken av alternative straffereaksjonar i narkotikasaker
- gå imot bruk og forskning på befrukta egg, fostervev og aborterte foster hos mennesket

- ha ein restriktiv politikk når det gjeld bruk av stamceller og genteknologi, men opne for unnatak når det gjeld diagnostikk for alvorlege, arvelege og livstruande sjukdomar
- ha ein restriktiv bruk av DNA-opplysningar i offentleg verksemd og forbod mot bruk av slike opplysningar i kommersiell verksemd
- vidareføre dagens abortlovgjeving
- at fostervassdiagnostikk, som no, berre skal tilbyast risikogrupper
- ikkje innføre rutinetilbod om tidleg ultralyd til alle friske gravide, men sikre at dagens retningsliner for tilgang til tidleg ultralyd blir praktisert likt over heile landet
- innskrenke høvet til å nytte surrogatitener i utlandet, og vidareføre det nasjonale forbodet mot surrogati
- at assistert befrukting skal vere øyremerkte par
- ikkje opne for eggdonasjon og embryodonasjon i Noreg
- ikkje gå inn for aktiv dødshjelp

## **Eldrepolitikk: Liv til åra, ikkje berre år til livet**

Senterpartiet vil medverke til at den eldste generasjonen har betre helse i fleire år, kan delta meir i samfunnslivet, og stå lenger i arbeid dersom den einskilde ønskjer det. Det har stor verdi for helsa at folk lever meningsfulle og gode liv i eit samfunn der det er behov for alle. Vi vil jobbe for solidaritet og aktivitet på tvers av generasjonar i dei ulike lokalmiljøa. Derfor vil Senterpartiet modernisere eldrepolitikken, og satse meir på førebygging, rehabilitering og sosial medverknad enn i dag. Når fleire eldre held seg friske lenger og får sjanse til å vere aktive og sosiale borgarar, gjev det betre kvardagar for den einskilde, her og no.

Dette står ikkje i motsetning til at dei som treng hjelp i heimen, er sjuke eller nærmar seg avslutninga av livet skal få eit verdig og fullgodt omsorgstilbod. Det er sentralt i Senterpartiets eldresatsing at heimeomsorga og sjukeheimplassen skal vere der når du treng den. Da må staten prioritere den kommunale omsorga gjennom styrkt kommuneøkonomi.

Eldre er enkeltmenneske med ulike haldningar, interesser og livssyn. Alderdomen er like individuell som resten av livet. Omsorgsløysingane skal så langt som mogeleg bli tilpassa deg og dine, ikkje staten, kommunen eller systema. Vårt eldrelyft er ei meir individuelt basert eldreomsorg, med større rom for familiebasert og frivillig omsorg. Senterpartiet trur ikkje fleire omsorgsbyråkratar eller nye statlege normer gjev ei betre eldreomsorg. Vi vil jobbe for fleire omsorgsarbeidarar og for at kommunane kan gje lokalt forankra, individuelle tilbod.

### **Valfridom til å bu heime**

Senterpartiets mål er at alle eldre skal kunne bu heime så lenge dei sjølv ønskjer. Røynsler frå Danmark viser at fleire kan velje å bu heime lenger når kommunane jobbar målretta med folkehelse og med kosthald, trening og rehabilitering for den einskilde. Utgangpunkt for eldrepolitikken må vere at eldre lengst mogeleg kan leve aktive liv i eige nærmiljø og eigen heim, i staden for eit meir passivt tilvære i eit institusjonsbasert omsorgs- eller pleietilbod utanfor lokalmiljøet. Vi må gje hjelp til sjølvhjelp. For å få dette til, vil vi prioritere heimetenestene og dagtilbodet for å drive god førebygging, rehabilitering og habilitering. Det er i all hovudsak i heimetenestene at veksten i eldreomsorga må kome. Senterpartiet vil auke tilskota til å tilpasse bustader for eldre, uavhengig av buform.

### **Satsing på rehabilitering og tilpassa heimetenester**

Samhandlingsreforma har gjeve kommunane eit tydeleg ansvar for førebygging,

kvardagsrehabilitering og opptrening av pasientar som er utskrivne frå sjukehus. Senterpartiet vil at staten fullfinansierer nye oppgåver for kommunane, samtidig som det framleis skal lønne seg for kommunane å raskast mogeleg ta ansvaret for at utskrivingsklare pasientar får oppfølging i nærmiljøet eller klarer seg i eigen bustad. Dette er særleg viktig for å hindre at eldre med samansette lidningar raskt blir innlagde på nytt. Det hastar å sikre betre og tryggare system for å overføre pasientinformasjon mellom helseføretaka og dei kommunale tenestene.

Ny teknologi kan vere eit viktig verkemiddel for å skape betre tenester og enklare kvardagar for eldre og pårørande, og løysingar tilpassa den einskilde. Senterpartiet vil gjere det enklare for kommunane å ta i bruk velferdsteknologi og lære av innovasjonsrøynslene til andre. Tid og ressursar som blir spart, skal brukast til å gje meir tid og betre omsorg til den einskilde.

### **Ein ny pårørandepolitikk**

Senterpartiet vil styrkje den familiebaserte og frivillige omsorga som supplement til dei kommunale tilboda. Omsorgsarbeid for eldre utført av pårørande skal synleggjerast og verdsetjast. Dei utfører omsorg som kommunen elles måtte gjeve, eller ikkje kan gje. 100 000 årsverk blir i dag utført i frivillig regi. Det er like mykje som den offentlege medverknaden.

Senterpartiet vil styrkje og forenkle omsorgslønnsordninga, og gjere ho tilgjengeleg for fleire pårørande til eldre. Omsorgslønn skal vere eit reell alternativ, ikkje ein konsekvens av manglande kommunalt tilbod. Tildeling og utmåling skal skje etter same kriterium, uavhengig av kor du bur. Pårørande som får omsorgslønn må få opplæring, rett til avlasting og vikar ved sjukdom, og ein fast kontaktperson i kommunen. Desse tilboda må vere systematiserte i den einskilde kommunen.

I dag har arbeidstakarar rett til inntil ti dagar fri utan lønn for å utføre omsorgsoppgåver for nærståande eldre. Senterpartiet meiner du skal ha same rett til fri med lønn når ei gamal mor eller far bryt lårhalsen, som når toåringen har omgangsjuke. Vi vil derfor fase inn ei ordning som tilsvarar dagens ordning med lønna permisjon ved borns sjukdom.

### **Kamp mot einsemda**

Ei stor utfordring i eldreomsorga er passivering og einsemd blant eldre. Derfor vil Senterpartiet satse meir på innhald og aktivitet både på sjukeheim og i heimebasert omsorg. Fastlegen og heimetenestene må få eit tydelegare ansvar for å kartlegge behov. Kommunane må sikrast midlar til å tilby fleire

dagaktivitetstilbod, eldrecenter og betre transporttilbod. Senterpartiet vil leggje til rette for fleire bufellesskap for friske eldre.

Tilbod om ei førebyggjande samtale for å kartleggje behov og ressursar hos eldre over 75 år, bør vere eit tilbod i alle kommunar. Dette vil vere ein fordel ikkje berre for eldre som treng informasjon om kva slags hjelp dei kan få i kvardagen. Eldre som ønskjer å medverke i lokalmiljøet eller vere til hjelp for andre kan også få informasjon om kva slags alternativ som finst i lag og organisasjonar, kultur- og fritidstilbod eller hos frivilligsentralen.

### **Kvalitetslyft i sjukeheim – og plass når du treng det**

Sjukeheim og heildøgns omsorgsbustader må byggjast mest mogeleg desentralisert, slik at familie, venner og frivillige organisasjonar framleis kan medverke til sosial aktivitet. Ein sjukeheim skal vere ein heim for den einskilde som bur der. Det inneber blant anna at mat i størst mogeleg grad skal lagast på staden. Senterpartiet vil sikre tilbod til einerom for den einskilde og til å bu saman for par.

Vi vil ha eit kvalitetslyft i sjukeheimsomsorga. Vi vil jobbe for at sjukeheimane har jamleg tilgang på fagkompetanse som er viktig for å gje den einskilde ein betre kvardag. Senterpartiet vil prioritere ressursar til meir samarbeid med lokale frivillige krefter, meir fysisk aktivitet og fleire kunst-, musikk og kulturopplevingar for eldre, også i heildøgnsomsorga.

### **Krafttak for demensomsorga**

Demensomsorga er eit prioritert område for Senterpartiet. Fire av fem sjukeheimspasientar har demens. Derfor må sjukeheimane i større grad vere ein heim der personar med demens lettare kan ta fram gamle minne, og få gode dagar saman med fagfolk, pårørande og frivillige.

Senterpartiet vil jobbe for tidlegare diagnostisering av demens, og meir systematisert informasjon til pasient og pårørande. Alle kommunar skal ha tverrfaglege grupper av helsepersonell, såkalla demensteam, med ansvar for utgreiing og oppfølging.

Senterpartiet vil lovfeste dagtilbod for personar med demens i alle kommunar, og sikre kommunane midlar til lønn og drift. Som eit ledd i dette tilbodet vil vi framleis styrkje Inn på tunet-ordninga, og støtte liknande tilbod med utgangspunkt i andre lokale verksemder. Gode avlastingsordningar er særleg viktig for pårørande til personar med demens.

## **Fleire tilsette i omsorgssektoren**

Kommunane må sikrast økonomi til å rekruttere meir kompetent arbeidskraft. Sjølv det å vidareføre dagens dekningsgrad og standard, vil krevje ei fordobling av arbeidskraftsbehovet innan få tiår. Særleg er det viktig å rekruttere fleire helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Senterpartiet vil styrkje ulike måtar for vaksne til å bli helsefagarbeidarar, sikre fleire lærlingeplassar og fleire heiltidsstillingar på alle nivå.

*Senterpartiet vil:*

- auke tilpassingstilskotet som blir gjeve for å byggje fleire bustader og for å installere heis i eldre bygårdar der dei eldre bur
- ha eit kvalitetslyft i sjukeheimane ved å satse på mat og kosthald, fysisk aktivitet, fleire aktivitets- og kultur- og musikkopplevingar og betre individuell kartlegging av interesser og vanar
- forenkle og styrkje omsorgslønsordninga, og gjere ho tilgjengeleg for fleire
- fase inn ein rett til lønna permisjon knytt til omsorg for gamle og sjuke foreldre, tilsvarande ordninga med inntil ti dagar lønna permisjon årleg ved borns sjukdom
- lovfeste dagtilbod til personar med demens i alle kommunar
- at heimebaserte tenester blir tilrettelagde slik at brukarane har faste pleiarar, og medråderett over innhaldet i eldreomsorga
- utgreie måtar for å setje i verk Hagen-utvalets framlegg om ei solidarisk omsorgsteneste, der ungdom blir stimulerte til å bruke tid og arbeidsinnsats for å løyse enkle oppgåver innan helse og omsorg. Dette skal kome i tillegg til og ikkje som erstatning for faglært helsepersonell
- innføre tilbod i alle kommunar om ei kartleggingssamtale om ressursar og behov for den einskilde ved fylte 75 år
- klargjere funksjonane til dei kommunale eldreråda, og gje råda framleggsrett overfor kommunestyret
- samarbeide med bustadbyggjelaga for å byggje fleire bustader tilpassa eldre, og leggje til rette for fleire bufellesskap
- medverke til ein kommunal marknad for omsorgsteknologi og styrkje dei regionale sentera for omsorgsforsking
- styrkje transporttilbodet for heimebuande eldre

- føre ein frivilligpolitikk som styrkjer aktivitets- og kulturtilbodet for eldre i lokalmiljøet
- styrkje Den kulturelle spaserstokken, og desentralisere ansvaret til folkehelseavdelingane i fylkeskommunane
- gje kommunane ressursar til å styrkje folkehelsearbeidet og betre rehabiliteringstilbodet til utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa
- sikre betre og tryggare system for overføring av pasientinformasjon
- satse på mindre, lokale einingar i sjukeheimsomsorga, parallelt med å styrkje dei kommunale og regionale fagmiljøa
- gjere det enklare for ideelle aktørar å drive sjukeheim og tilby heimeomsorg
- stimulere lokalt gründerskap i delar av omsorgssektoren som er utanfor det offentleg finansierte tilbodet
- motarbeide at store, kommersielle omsorgskonsern hentar ut overskotet frå offentleg finansiert eldreomsorg
- utgreie korleis rettstryggleik og integritet for personar med demens kan styrkjast gjennom ulike delar av sjukdomsgangen
- prioritere forskning på demens og demensomsorg sterkare enn i dag

## Sjukehus

Alle skal ved behov sikrast tilgang til spesialiserte helsetenester på sjukehus gjennom polikliniske tilbod, dagtilbod eller ved innlegging. Kvalitet og tilgjenge, uavhengig av bustad og økonomi, er avgjerande for tilliten til sjukehusa.

### Styringsmodell

Spesialisthelsetenesta er organisert gjennom fire regionale helseføretak (RHF) og 20 sjukehusføretak (HF). Ansvar ligg likevel hos dei statlege styresmaktene gjennom Helse- og omsorgsdepartementet som styringsansvarleg og Stortinget som lovgjevar og budsjettansvarleg. Spesialisthelsetenesta fungerer etter ein tilpassa bestillar- og utførarmodell der staten gjennom RHF-a er bestillar av tenester som blir utførte av HF-a supplert av private institusjonar. Dagens styringsmodell for sjukehusa blei etablert i 2001 da staten overtok det ansvaret som fylkeskommunane hadde tidlegare. Senterpartiet konstaterer at styringsmodellen etter over ti års virke ikkje har gjeve dei føresette resultatane gjennom like, meir kostnadseffektive og kvalitativt betre tenester. Sjukehusreforma er mogen for evaluering og forbetring.

### Sjukehusstruktur – lokalsjukehusa sin plass

Sjukehusa i Noreg er prega av ein desentralisert struktur med nokre få store sjukehus og ei rekkje mindre sjukehus. Graden av spesialisering er aukande for å sikre høg og likeverdig kvalitet i kompliserte behandlingstilbod, men også for å effektivisere ressursbruken innan spesialisthelsetenesta. Arbeidsdeling mellom sjukehusa er ein føresetnad for å utvikle spisskompetanse og utnytte kostbart utstyr, og dermed sikre best resultat ved kompliserte behandlingsformer. Arbeidsdeling mellom sjukehus skal også føre til at funksjonar som trygt kan desentraliserast, blir desentraliserte. Røynsla er at arbeidsdeling har ført til ei einseitig og ikkje naudsynt sentralisering av funksjonar. I dag blir samarbeidet mellom sjukehusa i for stor grad prega av ressurskamp, konkurranse og rivalisering. Senterpartiet meiner at utdanninga av legespesialistar må tilpassast det reelle behovet i helsetenesta. Kompetanse må også rettast mot behov både ved lokalsjukehus og større sjukehus med lokalsjukehusfunksjonar.

Lokalsjukehusa er ein føresetnad for at spesialisthelsetenesta skal ha eit likeverdig tilbod til innbyggjarane, uavhengig av bustad. Utviklinga dei siste åra har likevel vore utfordrande for lokalsjukehusa, fordi dei systematisk blir svekte gjennom fjerning av viktige funksjonar, som akutt- og fødetilbod. Senterpartiet meiner det må nedfellast krav til innhald for lokalsjukehusa. Breiddekompetanse og tilbod med

basis i både indremedisin og kirurgi er grunnleggjande for å oppretthalde eit desentralisert spesialisthelsetenestetilbod i alle delar av landet. I dag blir to av tre pasientar behandla på lokalsjukehusnivå. Derfor er breiddekompetanse og lokalsjukehusfunksjonar viktige.

### **Finansiering**

Sjukehusreforma frå 2001 etablerte ein modell basert på ein kombinasjon av grunnfinansiering og aktivitetsbasert finansiering og eit heilskapleg ansvar for investeringar og drift gjennom at rekneskapslova blei gjord gjeldande. Aktivitetsbasert finansiering stimulerer aktivitetsvekst, men svekkjer kostnadsstyringa. Senterpartiet meiner at aktivitetsbasert finansiering har fått for stort fokus, og er blitt styrande heilt ned på avdelingsnivå, noko som kan ha medført unødige byråkrati, uheldig praksis og feilprioriteringar. Finansieringsforma har også den veikskapen at tilbodet i sjukehusa blir utvikla ut frå mogeleg inntening meir enn behovsdekning. Bl.a. er dette utfordrande for behandling av kroniske lidingar og tilboda innan psykiatri, rus og rehabilitering. Føresetnadene i rekneskapslova om eit heilskapleg ansvar for drift og investeringar, er delvis følgt. Større investeringar og prioriteringar mellom prosjekt som skal realiserast, må bli gjorde gjennom overordna politiske vurderingar. Senterpartiet meiner det er rett at det blir gjort heilskaplege vurderingar av investeringsvedtak i sjukehusa som også inneber konsekvensar for drifta, både når det gjeld kvalitet og kostnadseffektivitet.

### **Psykiatri og rusomsorg**

Reformene innan spesialisthelsetenesta har i stor grad vore grunngeve med utfordringane innan dei somatiske fagområda. Konsekvensar for det psykiatriske behandlingstilbodet og rusomsorga er i for liten grad vurdert. Senterpartiet ønskjer ein gjennomgang av sjukehusreforma der organisering og finansiering av behandlingstilbodet innan somatikk, psykiatri og rus sjåast i betre samanheng. Også ansvaret til spesialisthelsetenesta på rehabiliteringsområdet må få ei betre forankring innanfor eit samla tilbod frå sjukehusa.

*Senterpartiet vil:*

- at lokalsjukehusa skal ha god breiddekompetanse og følgjande funksjonar; indremedisin, kirurgi, anestesi, støttefunksjonar i form av røntgen og laboratorietenester og også føde- og barselavdelingar når dette er naudsynt ut frå vernebuving og avstandar
- styrkje den lokale akutt- og fødevernebuvinga gjennom legevakt, ambulansenester og lokalsjukehus

- at helseføretaka og kommunane har eit felles og likeverdig ansvar for utvikling av samhandlingsreforma og for oppbygging av lokale helsetenester og førebyggjande tiltak innanfor Stortingets rammer for reforma
- prioritere tilbod innan psykiatri, rusomsorg og rehabilitering og at det skal utviklast rapporteringskrav for kvart av desse områda som blir følgt opp av pålegg dersom dei ikkje blir etterlevde
- utvide samarbeidet med frivillig sektor gjennom å innføre langsiktige og forhandlingsbaserte avtaler om kvalitet og pris
- utvide ordninga med pleiepengar til foreldre med omsorg for alvorleg sjuke born med varig/ikkje-varige lidningar
- at overordna statleg styring av sjukehusa skal skje gjennom Nasjonal sjukehusplan som blir rullert kvart fjerde år og vedteke av Stortinget. Sjukehusplanen skal bl.a. gje politiske føringar for lokalisering, investeringsvedtak, kvalitet, funksjonsfordeling, utdanning og rekruttering og prioriteringar
- basere sjukehusfinansiering på rammefinansiering med styringskrav knytt til ventetider, behandlingsskapasitet, kvalitet og budsjettkontroll
- at helseføretaka framleis skal vere underlagt reglane i rekneskapslova der drifts- og investeringsvedtak blir sett i samanheng
- at Helsedepartementet varetek den nasjonale styringa av helseføretaka ut frå Stortingets prioriteringar
- ha stadleg leiing med personalansvar, økonomiansvar og fagleg ansvar ved alle lokalsjukehusa og større sjukehusavdelingar
- oppløyse den regionale føretaksmodellen og halde på statleg eigarskap, men demokratisere og desentralisere styringa til 20 sjukehusstyre tilsvarande dagens lokale helseføretak. Desse skal ha utvida styringsansvar innanfor ramma av nasjonal finansiering og prioriteringar i Nasjonal sjukehusplan. Dei regionale sjukehusstyra skal ha eit fleirtal av medlemene valt av fylkestinget.
- på sikt overføre ansvaret for sjukehusa til regionalt folkevalt eigarskap

## **Velferdsytningar – yte etter evne, få etter behov**

Senterpartiet ønskjer at samfunnet skal ha eit sterkt tryggingnett i form av

velferdsytingar for dei som treng det permanent eller i fasar av livet. Vi vil slå ring om viktige velferdsytingar som sjukelønn, alderspensjon og uføretrygd. For at velferdstenestene skal vere gode nok for dei som treng det, må vi sørge for at dei er økonomisk berekraftige på sikt. Derfor må vi både hindre vekst i tal stønadsmottakarar og avgrense omfanget og talet på velferdsordningane.

Når ei gruppe blir tilbode ein rett får ei anna gruppe plikt til å oppfylle denne retten. I praksis inneber denne plikta ofte i å betale meir skatt for å finansiere nye eller betre velferdsordningar. Fordi alle må betale skatt, meiner Senterpartiet det er rett og viktig at alle også får tilgang til velferdsgoda. Derfor bør universelle velferdsordningar vere hovudregelen.

Velferdsytingane må vere utforma på ein slik måte at dei byggjer opp under arbeidslinja. Vi støttar måla i pensjonsreforma, som stimulerer til arbeid og samtidig gjev valfridom til å velje tidspunkt for å velje når ein vil gå av med pensjon. Vi støttar også uførereforma, som gjev meir fleksibilitet for dei som ønskjer å utnytte restarbeidsevna si. Det er grunnleggjande for å oppretthalde arbeidslinja at ingen skal kunne ta imot meir i velferdsytingar enn det dei kunne ha rekna med å tene som lønnsomottakarar. Fleirtalet av velferdsytingane bør også vera knytte til aktivitetsplikt. Permanente ytingar, som uføretrygd, skal ikkje gjevast til personar som har lidningar som kan ventast å gå over eller som kan kurerast.

*Senterpartiet vil:*

- at aktivitetsplikt skal vere hovudregelen for mottakarar av offentlege stønader. Med få unntak meiner vi aktivitet gjer at terskelen for å kome inn i arbeidslivet blir lågare
- ikkje redusere dagens stønader, men heller stille større krav om aktivitet der det er mogeleg
- verne om sjukelønnsordninga
- at permanent uføretrygd ikkje skal godkjennast for personar under 40 år, unntake i tilfelle der det er openbert at vedkomande ikkje vil kunne kome i arbeid
- ha som klar hovudregel at det skal stillast krav om arbeid og aktivitet for dei som tek imot sosialstønad

## 6. TA HEILE NOREG I BRUK

---

Senterpartiet vil føre ein næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig næringsliv og verdiskaping i heile landet. Mange og sterke næringar gjev eit variert arbeidsliv med plass til alle. Dersom vi skal lukkast i næringspolitikken kan vi ikkje satse berre på stat eller marknad, men på stat *og* marknad. Det offentlege skal føre ein aktiv næringspolitikk, sikre nasjonal eigarskap til naturressursar og stå ansvarlege for utvikling av infrastruktur.

Noreg skal ikkje bli eit filialland. Derfor ønskjer vi norsk privat eigarskap med lokal forankring og statleg deleigarskap der det trengst for å sikre nasjonal eigarskap. Vi vil sikre at strategiske sektorar som finans og viktige teknologimiljø har sterke nasjonale aktørar. Norske aktørar bør vere dominerande i næringar og bedrifter som er berebjelkar i det norske næringslivet og i næringar basert på norske naturressursar. Røynslene frå utvikling av norsk petroleumsnæring og vasskraft må utnyttast for å medverke til at mest mogeleg verdiskaping blir verande i Noreg også i framtida.

Næringspolitikken må spegle ressursane i landet, lokaliseringa deira og kompetansen knytte til dei. Senterpartiet meiner det er viktig å satse innanfor dei næringane der vi har føremoner og etablerte næringsklyngjer. Innanfor einskilde område har næringslivet vårt potensial til å bli verdsleiande, og Senterpartiet vil leggje til rette for vidare utvikling av noverande næringsklyngjer, og etablering av nye næringsmiljø for å styrkje den globale konkurransekrafta vår. Innovasjonsevna i bedriftene, tilgang på kompetanse og kapital er avgjerande. Senterpartiet vil ha sterkare stimuleringsiltak for utvikling av kompetanse i næringslivet og sterkare næringsmiljø.

Ei rekkje av naturressursane som er grunnlaget for dei viktigaste eksportnæringane våre og nasjonal matproduksjonen, ligg utanfor byane. Næringspolitikken skal derfor ta heile landet i bruk, også dei store havområda våre.

Samspelet mellom utdanning, forskning og næringsliv utgjer grunnlaget for eit kunnskapsbasert og innovativt næringsliv med global konkurransekraft. Senterpartiet vil derfor styrkje innsatsen for forskning og utvikling.

Senterpartiet vil føre ein skattepolitikk som stimulerer til investering, innovasjon og aktiv eigarskap. Personleg eigarskap i næringslivet inneber større ansvar og risiko for eigar, noko som må takast omsyn til gjennom eit tilpassa skatteregime.

Senterpartiet ønskjer å forsterke dei distriktpolitiske verkemidla i Noreg med å konkretisere mål som er mogeleg å etterprøve. Dette må til for å kunne oppretthalde busetjinga i heile landet. Vi må sjå fordomsfritt på korleis dei distriktpolitiske reiskapane er organiserte, slik at vi får tilpassa desse til dei måla som er sette i distriktpolitikken vår. Senterpartiet meiner at ein desentralisert kommunestruktur er avgjerande for å oppretthalde utviklingskraft og politisk engasjement i distrikta. Vi er også opptekne av at det blir satsa på verdien av mange og sterke regionar med livskraftige regionsenter i Distrikts-Noreg. Senterpartiet ønskjer ein politikk som gjev distrikta høve til å utnytte dei naturlege føremonene sine. Ein større statleg medverknad til utbygging av høgfaringsbreibandsløysingar der det ikkje er kommersielt lønnsamt, vil medverke til dette. Det er ein føresetnad for å sikre folk i distrikta same tilgang til tenester og tilbod som krev denne typen infrastruktur.

## **Aktiv distrikts- og regionalpolitikk**

Noreg treng mange sterke regionar. Vi meiner at vekst basert på mange og sterke regionar vil gje eit meir balansert og berekraftig samfunn. Eit mangfald av sterke, små og mellomstore byar og tettstader over heile landet, og aktive næringsmiljø og kompetansmiljø knytt til regional ressursutvikling er ein strategi for betre regional balanse og framtidig verdiskaping. Gode og raske samferdselsløysingar, og dessutan målretta distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel vil også føre til vekst utanfor dei regionale sentera.

Senterpartiet meiner at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei ønskjer. Ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk er viktig for å realisere dette målet. Senterpartiet vil ta kraftig initiativ for å utvikle og styrkje distriktpolitikken i brei forstand. Den demografiske utviklinga er sjeldan sterk og sentraliseringskreftene veks i styrke. Det er derfor naudsynt å utvikle og reindyrke både den spesifikke og breie distriktpolitikken.

Utviklinga av hovudstadsregionen, der mange innbyggjarar er busett og mange av dei nasjonsberande institusjonane er lokaliserte, er viktig for heile landet. Samtidig må det utviklast betre verkemiddel for å medverke til at Oslo-regionens vekstkraft skal kome heile landsdelen til gode.

Det norske samfunnet er basert på at naturressursar og kompetanse i heile landet blir teke i bruk. Dette skal vidareutviklast gjennom å byggje opp under den økonomiske rolla til dei små- og mellomstore bedriftene. Det er god

samfunnsøkonomi å utnytte dei naturgjevne og menneskelege ressursane i heile landet.

Den teknologiske utviklinga har gjeve heilt nye måtar for å utnytte ressursane våre og skape variert næringsutvikling uavhengig av geografisk lokalisering.

Senterpartiet ser det som ei viktig offentleg oppgåve å sikre lik tilgang til ny teknologi for å kunne ta i bruk ressursane og skape varierte arbeidsplassar i heile landet. Vi vil sørge for høgfartsbreiband og mobildekning til alle.

Innovasjon Noreg og Siva må vidareutviklast som strategiske reiskapar for lønnsam næringsutvikling. Næringslivet er særskilt ulikt frå region til region.

Verkemiddelapparatet må tilpassast til å utløyse mogeleg næringsvekst i dei ulike distrikta og regionane. Senterpartiet ønskjer derfor ordningar med eit distriktspolitisk perspektiv i ein regional samanheng, som supplement til dei landsdekkjande institusjonane som Siva og Innovasjon Noreg.

Det er eit sjølvstendig mål at utnyttinga av naturressursane medverkar til kompetanseutvikling og reinvestering lokalt og regionalt.

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå og vil derfor desentralisere makt, pengar, kompetansesarbeidsplassar og definisjonsmakt. Målet om desentralisering er ideologisk forankra i folkestyretanken. Behovet for å dele makt og innverknad mellom ulike delar av landet er grunnleggjande for eit aktivt folkestyre. Den demokratiske makta har utspringet sitt i folket, derfor må tilgang til makt finnast der folk bur.

*Senterpartiet vil:*

- vidareutvikle bu- og arbeidsmarknadsregionar over heile landet og stimulere nærings- og kompetanseklungjer som ein strategi for regional balanse
- sikre ein lokaliseringspraksis for statlege verksemdar som medverkar til ein betre balanse i kompetansesarbeidsplassar i alle regionar
- sikre at små og mellomstore bedrifter får enklare kontroll- og rapporteringsregime å halde seg til
- styrkje fagutdanninga
- styrkje skattefunn-ordninga
- etablere ei kunnskapsfunn-ordning for investeringar til kunnskapsoppbygging i bedrifter

- etablere eit eige innovasjons- og investeringsprogram for å utvikle norsk skogindustri
- styrkje kapitaltilgangen og leggje til rette for norsk, og om naudsynt, statleg eigarskap for å sikre norsk forankring
- bruke moglege deleigarskap for staten der det handlar om å sikre viktige norske kompetansebedrifter innanfor strategiske sektorar og unngå at Noreg blir eit filialland
- arbeide for at statens eigarskap sikrar hovudkontor i Noreg slik at forskingsmiljø, integrering i lokalmiljøet og lokal forankring blir sikra på viktige bedrifter
- utvide bruken av personretta verkemiddel i distriktpolitikken, som til dømes nedskriving av studielån
- arbeide for at alle kommunar lagar ein offensiv strategi for busetjing og integrering, i samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI).

## Industri

Noreg må jobbe aktivt for å halde på industrien sin del av verdiskapinga i samfunnet, både gjennom å styrkje noverande industri og leggje til rette for nye etableringar. Senterpartiet vil motverke ei todeling av norsk næringsliv, mellom oljerelatert og anna næringsverksemd. Senterpartiet vil sikre gode rammevilkår og eit konkurransedyktig industrikraftregime for landbasert industri. Vi vil satse på forskning, utvikling og ny teknologi for å styrkje innovasjonsevne, vekst og konkurransekraft i industrien. Styrking av vidareutdanninga av fagarbeidarar, slik at fleire får fagbrev, og satsing på entreprenørskap er vesentleg for å sikre vekstkraft.

*Senterpartiet vil:*

- sikre eit godt industrikraftregime
- etablere stimuleringstiltak for å styrkje samarbeidet mellom høgare utdanning og industrien

## Reiseliv

Senterpartiet vil arbeide for auka verdiskaping og auka lønnsemd i reiselivsnæringa. Reiseliv er ei stor næring i Noreg, men har potensial for ytterlegare vekst. Reiselivet er ei viktig næring og kan yte mykje til å skape nye arbeidsplassar over heile landet. Det naturbaserte reiselivet er i vekst. Dette gjev store framtidsutsikter innanfor dei næringane som har grunnlaget sitt i forvaltning av naturressursar. Samtidig gjev satsing på kultur i reiselivet høve til å vise fram både historia og tradisjonen vår og dagens Noreg. Regionale reiselivsselskap med felles marknadsføring i utlandet gjev betre gjennomslagskraft. Vi ønskjer at store kultur- og idrettsarrangement blir ein naturleg del av nasjonale og regionale reiselivsstrategiar.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje kapitaltilgangen i reiselivet ved å jobbe for eit eige såkornfond for reiselivet
- tilretteleggje og bruke nasjonalparkar og verdsarvområde i marknadsføringa av norsk reiseliv
- etablere ein nasjonal reiseplanleggjar som gjev enklare bestilling og samordning mellom dei ulike trafikk-kjeldene
- jobbe for å etablere regionale charterfond for å få økt turisttrafikk frå utlandet

## Mineralnæringa

Senterpartiet meiner at fellesskapet må sikrast høve til å ta ut verdiane som ligg i norske mineral. Bergverksnæringa må utviklast på ein slik måte at omsyna til sysselsetjing, verdiskaping, lokal kompetanseutvikling og miljø blir varetekne.

Senterpartiet vil vere ei drivkraft for forskning og utvikling av leverandør- og foredlingsindustri innan mineral for å sikre at mest mogeleg av verdiskapinga blir verande i Noreg.

*Senterpartiet vil:*

- kartleggje mineralressursane i Noreg og jobbe for at det blir oppretta eit statleg mineralselskap
- styrkje gruve- og mineralingeniørutdanning for å møte kompetansebehovet i næringa
- jobbe for at det blir utvikla eit heilskapleg forskingsprogram i regi av Forskringsrådet som kan vurdere framtidsutsikter og konsekvensar av mineralutvinning i Noreg
- at skattar og avgifter frå mineralnæringa i større grad skal tilbakeførast til kommunane som set av areal til næringa

## **Maritim næring**

Den maritime næringa har stor verdi i norsk industri og næringsliv og omfattar eit breitt spekter av ulike store og mindre bedrifter som har eit mangfald av tenester og produkt. Senterpartiet vil jobbe for at Noreg framleis skal vere fremst i verda på område som miljø, teknologiutvikling og tryggleik knytte til den maritime næringa. Noreg skal halde fram med å etablere standard og på denne måten bruke den leiande rolla si til å sikre ei berekraftig utvikling på området.

*Senterpartiet vil:*

- sikre ei konkurransedyktig nettolønnsordning for norske sjøfolk
- satse sterkare på maritim rekruttering og kompetanseheving hos noverande sjøfolk

## **Matlandet Noreg**

Naturressursane, råvarene, vårt nordiske klima og topografi og store sesongvariasjonar er utgangspunktet for den norske matkulturen og trygg mat til den norske befolkninga. Maten er utgangspunktet for den største komplette verdikjeda i Fastlands-Noreg.

Matkulturen er i stadig utvikling. Han er eit uttrykk for vår felles kulturarv og identitet. I dag blir mat etterspurd med historie og lokal tilknytning og eit mangfald i produktutvalet. Norsk matkultur har blitt eit utgangspunkt for innovasjon i

matnæringane. Senterpartiet vil gjennom satsing på matproduksjonen og det store mangfaldet av verksemder som vidareforedlar råvarene, styrkje og vidareutvikle Matlandet Noreg.

I dag blir den norske daglegvarebransjen styrt av nokre få, sterke butikkjeder. Desse kjedene får stadig større makt over matproduksjonen, foredlingsleddet, distribusjonen av mat og storkjøkkene. Det gjev forbrukarane eit avgrensa vareutval, hindrar næringsutvikling i dei norske matnæringane og reduserer ei mogeleg betre betaling for dei norske matprodusentane. Senterpartiet vil styrkje den nasjonale matvaremarknaden, samtidig som konkurranseavgjevinga vår blir skjerpt, slik at kjedemakta i daglegvarebransjen blir svekt til fordel for dei mange daglegvareprodusentane. Senterpartiet vil arbeide for reglar som sikrar fordeling av makt mellom dei ulike ledda i verdikjeda og ein rettferdig handelspraksis.

## **Landbruk – norsk sjølvforsyning skal sikrast**

Senterpartiet vil føre ein landbrukspolitikk som gjev trygg og sikker mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og ei berekraftig næring. For å sikre dette vil Senterpartiet auke lønnsmda i bruk av jordbruksareala gjennom eit sterkt importvern, årlege forhandlingar mellom staten og faglaga i jordbruket, og dessutan sikre gardbrukarane ein sterk marknadsmakt gjennom samvirkeomsetning av varene.

Folketalet i verda og Noreg veks raskt og den globale kampen om ressursane hardnar til. Klimaendringane aukar utfordringane for matproduksjon i mange land, og framtidig forsyningstryggleik er truga fleire stader. Alle land har rett og plikt til å produsere mat til eige folk. Norsk matproduksjon skal auke minst i takt med folkeauken, og sjølvforsyningsgraden for fôr og mat må aukast. Slik skal Noreg sikre mat til eige folk og ta medansvar for matvareforsyninga i verda. Norsk jordbruk skal dekkje etterspørselen etter matvarer som det er naturleg grunnlag for å produsere i Noreg. Produksjonen må i større grad baserast på norske areal.

For å nå målet om økt matproduksjon og jordbruk over heile landet må det sikrast betre inntekter i jordbruket. Det skal førast ein inntektspolitikk som gjev bonden betre betalt for maten som blir produsert. Inntektsskilnaden mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet må utjavnast. I jordbruket er det stort behov for oppgradering og nyinvesteringar i blant anna driftsbygningar og jord. For å sikre at

investeringar skal kunne skje må det opprettast ei eiga tiårig investeringspakke for heile landbruksnæringa. Det må også opprettast ei fondsordning for heile landbruket med skattefrie avsetningar etter modellen for skogfondet.

### **Eigedomspolitikken i Noreg**

Eigedomspolitikken i landbruket skal sikre at ressursane blir haldne i hevd og blir forvalta i eit langsiktig perspektiv, og må derfor finne balansepunktet sitt mellom omsynet til interessene til enkeltmennesket og samfunnet. Bu- og driveplikta er eit viktig verkemiddel som skal oppretthaldast. Senterpartiet meiner det er viktig at eigedomspolitikken i landbruket blir modernisert og tilpassa dagens landbruk, men at det ikkje går på kostnad av ein eigedomspolitik som sikrar variert bruksstruktur og landbruk over heile landet. Senterpartiet vil ta vare på odelsretten.

### **Jordbruk over heile landet**

Ressursane som er naudsynte for å auke matproduksjonen er knappe og spreidde over heile landet. Ikkje minst gjeld dette kornareal som har ein nykelfunksjon i produksjonen av mat- og førkorn. For å sikre at vi får mest mogeleg ut av dei nasjonale ressursane våre skal vi nytte regional arbeidsdeling for å halde heile det norske jordbruksarealet i drift. Denne politikken er også avgjerande for å sikre dei over 50 000 arbeidsplassane i næringsmiddelindustrien.

### **Berekraftig landbruk**

Landbruket er avhengig av at naturen er i balanse. Næringa er avhengig av å minimere påkjenninga på natur og miljø. Skog i vekst tek opp CO<sub>2</sub>. Aktiv skogskjøtsel, med hogst, planting og ungsjogspleie medverkar til ein vesentleg klimagevinst.

### **Dyrevelferd**

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv. Samtidig er det eit gode for samfunnet og ein konkurransefordel for norsk landbruk. Medvit om eigenverdien til dyra er viktig. Næringa og dyreholdaren har ansvar for dyrevelferd. Den som eig dyr skal sikre gode tilhøve for dyra. Kunnskap er ein føresetnad for rett behandling av dyr. Mattilsynet må ha tilstrekkelege ressursar til å drive god rådgjeving, hyppig kontroll og ha eit målretta samarbeid med produksjonsnæringane.

### **Sterkt importvern**

Importvernet for jordbruksvarer er avgjerande for å ha ein norsk jordbruksvaremarknad. Det høge norske lønns- og kostnadsnivået saman med eit utfordrande klima og krevjande topografi medverkar til at prisane for norske

landbruksprodukt er høgare enn i grannelanda våre. Det kan derfor ikkje inngåast nye handelsavtaler som svekkjer importvernet og rammevilkåra for den nasjonale landbruksproduksjonen. Innanfor dagens WTO-avtale må vi utnytte det handlingsrommet som seier at høgaste vernetoll, prosent eller kronetoll, skal brukast til eikvar tid. Dette standpunktet er parallellen til arbeidet vårt for norske lønns- og arbeidsvilkår for alle lønnstakarar i Noreg uavhengig av bustadland.

### **Skogbruk og vidareforedling**

Skogbruk er ei fornybar næring med stor økonomisk verdi nasjonalt, regionalt og lokalt. Skogressursane i Noreg er nesten tredobla dei siste 100 åra. Det er mogeleg å auke avverkinga monaleg innanfor forsvarlege miljørammer. Etterspørselen etter trevirke og annan biomasse frå skogen vil auke i åra som kjem, både i Noreg og Europa, blant anna som følgje av ein meir offensiv klimapolitikk.

Noreg har i dag ei komplett verdikjede for vidareforedling av skogressursane. I dag er treforedlingsindustrien inne i ein svært krevjande fase. Mange bedrifter er nedlagde, mange er truga, og næringa må omstille seg frå avispapir, cellulose og tremasse til meir foredla godt betalte produkt med betre marknadsutsikter. For å realisere dette krevst kraftig styrking av driftsøkonomien i bransjen og eit stortilt investeringsprogram. Staten må tilretteleggje desse nye naudsynte rammevilkåra for at vi skal sikre eit framtidretta skogbruk og tilhøyrande foredlingsindustri. Senterpartiet vil jobbe for ein lønnsam treforedlingsindustri slik at dei enorme skogressursane våre kan foredlast i Noreg også i framtida. Dermed vil skognæringa i åra framover kunne medverke enda større i klimapolitikken, distrikts- og regionalpolitikken og verdiskapinga. Dette skal skje gjennom forsterking av den tradisjonelle delen av skognæringa, utvikling av nye produkt og bruksområde for biomasse, som til dømes andregenerasjons biodrivstoff, og gjennom satsing på trearkitektur.

### **Reindrift**

Reindriften nyttiggjer utmarksressursane i fjellområda i store delar av landet og har eit stort potensial for auka verdiskaping gjennom dei særeigne produkta sine. Næringa er ein viktig kulturberar i den samiske kulturen. Det er ein føresetnad for eksistensen og legitimiteten til næringa at ressursane blir utnytta på ein økologisk berekraftig måte. Derfor må næringa sikrast tilgang på areal og reintalet må tilpassast ressursgrunnlaget i beiteområda. Senterpartiet vil medverke til at næringa får utnytta det store potensialet for verdiskaping som finst ved å betre sal og marknadsføring av høgforedla reinprodukt. I tillegg kjem næringsutsiktene i blant anna kulturformidling og turisme.

### **På lag med norske forbrukarar**

Norsk jordbruk skal tilby forbrukarane trygg, sunn og næringsrik mat som er produsert i Noreg. Norsk plante- og dyrehelse er god og må forsvarast og vidareutviklast for å sikre produksjonen av trygg mat også i framtida. Forbrukarar og styresmakter må få innsyn i prisfastsetjing og konkurranse i daglegvaremarknaden. All mat må ha forbrukarmerking med informasjon om opphavsland for råvarene, foredlingsfirma og innhald. Mattilsynet må bli sett i stand til å kontrollere at varene er i samsvar med forbruksmerking.

### **Utdanning og rekruttering, forskning og innovasjon**

Tilgang på nok og kompetent arbeidskraft er ein grunnleggjande føresetnad for ei konkurransekraftig landbruksnæring. I tillegg til inntektsvekst må det leggast til rette for rekruttering gjennom å vareta og utvikle utdanningssystemet.

Landbruksutdanning må i sterkare grad tilpassast behovet for dei som skal inn i næringa. Tilbod om etterutdanning for dei som er i næringa er også viktig. Samtidig må det satsast sterkt på forskning, utvikling og innovasjon i sektoren, for å møte utfordringar knytt til endringar i klima, behovet for auka produktivitet og for å utvikle nye produkt og marknader. Naturbruksskulane må styrkjast gjennom eit nasjonalt program med fokus på klimautfordringar, energi, drivstoff og krinsløpstenking.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje og vidareutvikle Matlandet Noreg, gjennom satsing på matproduksjonen og verksemdene som vidareforedlar råvarene
- styrkje inntektene i jordbruket slik at inntektsgapet mellom jordbruket og andre yrkesgrupper blir utjamna
- at Noreg skal utnytte WTO-avtala så langt det er mogeleg til å styrkje importvernet på jordbruksvarer for å sikre auka matvaretryggleik til eige folk
- sikre at jordbruket får høve til naudsynt fornying av produksjonsapparatet gjennom betre driftsøkonomi, investeringsverkemidlar og fondsordningar
- sikre ei velfungerande marknads- og produksjonsregulering og rolla til samvirket som marknadsregulator, og avtakar av norske råvarer frå heile landet
- gjennom lovverk hindre at nokre få aktørar får urimeleg mykje makt over matverdikjeda

- styrkje norsk matproduksjon basert på eige ressursgrunnlag slik at sjølvforsyningsgraden, korrigert for importerte fôrråvarer kan oppretthaldast
- at norsk matproduksjon, basert på eigne areal skal aukast med 20 prosent innan dei neste 20 åra
- styrkje økologisk matproduksjon i tråd med etterspørselen
- gjeninnføre tryggingslager av korn gjennom styrkt gardslagring og styrkt nasjonal silokapasitet
- at odelslova framleis skal vere ein del av Grunnlova
- vidareutvikle agronomutdanninga, og gje alle agronomar rett til ei års påbygging til studiekompetanse
- utvide og auke tilbodet om open fagskule i landbruket med blant anna eitt års komprimert agronomutdanning tilpassa vaksne
- ikkje tillate rituell slakting utan bruk av bedøving

## Fiskeri og havbruk

Noreg skal vere den fremste sjømatnasjonen i verda. Vi vil styrkje den sterke posisjonen Noreg alt har som sjømatnasjon på den globale marknaden, og på den måten ta eit ansvar for å auke mattilførsla og styrkje mattryggleiken i ei verd med stor folkeauke. For å klare dette må vi liggje i front når det gjeld kunnskap på område som berekraftig ressursbruk, havmiljø, klima, produktutvikling og marknad. Noreg har særeigne framtidsutsikter knytt til lang kystline og plasseringa vår i nord. Kyst- og havområda våre er viktige for å sikre mat og for å skape verdiar. Ressursane i havet og langs kysten er fellesskapets eigedom og skal sikrast for framtidige generasjonar gjennom berekraftig forvaltning og nasjonal råderett. Berekraftig ressursforvaltning er viktig også for å sikre ei lønnsam fiskerinæring.

Det norske folket i fellesskap skal framleis eige fiskeriressursane, der kvart fylkje skal oppretthalde dei tradisjonelle fangstrettane sine og der fiskerettane blir fordelte av styresmaktene og ikkje skal kunne seljast eller flyttast ut av det fylket dei høyrer til. Senterpartiet vil at fiskeri- og havbrukspolitikken skal utformast slik at han kan medverke til å sikre lønnsame bedrifter – både på hav og land – konkurransedugleik og auka marknadsfokus, og dessutan vareta distriktpolitiske målsetjingar om arbeidsplassar og busetjing i kystsamfunn. Senterpartiet vil leggje til rette for dei lokalt forankra selskapa i fiskeri- og havbruksnæringa, med mange små og mellomstore bedrifter. Vi vil sørge for at vi får ein variert fiskeflåte, med kystflåten som berebjelke. Busetjing og sysselsetjing langs kysten skal vere førande for den politikken blir ført for kyst- og havfiskeflåten. Fiskeflåten skal ha ein struktur som varetek kystbusetjing, arbeidsplassar og fiskeindustri. Fiskeri- og havbruksnæringa skal vidareutviklast ved å byggje på føremona vi har i tilgangen på ferskt råstoff av høg kvalitet. Senterpartiet er oppteke av å leggje til rette for auka vidareforedling i Noreg.

Framtidsutsiktene for havbruk er store i framtida, og Senterpartiet er oppteken av at det skal leggjast til rette for vidare vekst i havbruksnæringa innanfor berekraftige rammer. Strategien for berekraftig havbruk skal leggjast til grunn. Senterpartiet meiner det er avgjerande å sikre vidare utvikling i fiskeri- og havbruksnæringa gjennom føreseielege rammevilkår. Det er viktig å sikre tilgang på gode sjølokalitetar for havbruksnæringa og naudsynt landareal for setjefiskproduksjon, som grunnlag for ei berekraftig havbruksnæring. Senterpartiet ønskjer å intensivere tiltak og verkemiddel for å hindre rømming, og spreieing av lakselus. Dessutan må næringa og styresmaktene medverke med midlar til forskning og utvikling, slik at ein sikrar ei einskapleg og berekraftig forvaltning av havbruksnæringa. Senterpartiet vil

arbeide for at skattar og avgifter frå havbruksnæringa i større grad skal tilbakeførast til kommunar som set av areal til havbruksanlegg.

*Senterpartiet vil:*

- styrkje fiskenæringa ved å sikre ein variert, lønnsam og framtidsretta fiskeflåte som gjev grunnlag for rekruttering og fornying av flåten med hovudvekt på kystflåten, nært knytt til anna verksemd langs kysten.
- at kvotar til forskingsfangst blir redusert, og at fristilt kvantum blir avsett til rekrutteringsordningar for dei minste flåtegruppene
- vurdere å opne for justering av kvotegrunnlag innanfor dei einsskilde flåtegruppene for å styrkje lønnsmda i fiskeflåten
- ikkje gå inn for strukturering av kystflåten under 11 meter
- oppretthalde ein differensiert og fiskareigd flåte med spreidd eigarskap
- la kriteria for fordeling av kvotar mellom dei einsskilde fartøygruppene liggje fast
- sikre ein desentralisert mottaksstruktur gjennom å setje av midlar over statsbudsjettet til føringsordningar og mottaksstasjonar utan andre alternativ for levering
- leggje til rette for auka lokal vidareforedling av fisk i Noreg
- oppretthalde råfisklova og deltakarlova
- auke fiskarfrådraget for å kompensere for auka nettolønnsordning for andre sjøfolk
- vidareføre tryggleiksopplæringa for fiskarar, og utbetre fiskerihamner langs kysten
- at styresmaktene skal samarbeide med fiskarorganisasjonane om når, kor og korleis seismisk aktivitet skal skje
- styrkje Kystvakta og kystvernebuinga, inklusiv Redningsselskapet, for å medverke til auka tryggleik og samordning av denne
- at det blir sett av tilstrekkelege areal langs kysten for sjømatproduksjon
- oppretthalde eigarskapsavgrensingar i oppdrettsnæringa
- innføre arealavgift frå havbruksnæringa som heilt skal tilfalle dei kommunane der matfisk- og produksjonsanlegga ligg.
- styrkje offentleg FoU-innsats for berekraftig og aukande produksjon av dagens oppdrettsartar, og initiere prosjekt for annan havbasert

produksjon, medrekna planter som kan binde CO<sub>2</sub> og vere ingrediensar for andre produksjonar

## **Samferdsel – for utvikling og vekst i heile landet**

Senterpartiet vil føre ein samferdslepolitikk som gjev effektiv transport av varer og folk både innanlands og til resten av verda, som reduserer klimautslepp og lokale miljøproblem og som sikrar busetjing i heile landet. Sist, men ikkje minst, vil vi føre ein samferdslepolitikk som fører oss enda nærmare målet om at ingen skal miste livet eller bli hardt skadd i trafikken. Framtidas samferdslepolitikk må føre til mindre klimagassutslepp frå transportsektoren. Omsynet til tryggleik for folk og verdier skal vege tungt i avgjerdene som blir tekne i samferdslepolitikken.

Utvikling av og eigarskap til infrastruktur som elektrisitetsforsyning, veg, jernbane, flyplassar, hamnar og breiband er eit offentleg ansvar og er avgjerande for å utvikle næringsliv i heile landet og dei eksportretta næringane. Senterpartiet vil samtidig opne for at private aktørar kan drive og vedlikehalde infrastruktur der det er lønnsamt og effektivt.

Noreg er eit stort land med få innbyggjarar. Vi har ein krevjande topografi med fjell, øyar og fjordar og vi har eit røft klima. Desse utfordringane har vi med oss når infrastruktur for framtida skal byggjast ut. Senterpartiet har gjennom dei siste to stortingsperiodane medverka til å auke løyvingane til samferdsel kraftig. Denne opptrappinga skal halde fram, men det er også behov for å ta nye grep for å sikre at Noreg har den sikraste, mest effektive og mest miljøvennlege infrastruktur i Europa.

Senterpartiet vil ta nye, store nasjonale lyft innan samferdsel. Effektiv gjennomføring og kortast mogeleg byggjeperiode for store veg- og baneprojekt krev ei meir føreseieleg finansiering enn årlege budsjettløyvingar gjev rom for. Senterpartiet vil derfor innføre alternative måtar å finansiere og organisere store investeringsprosjekt på. Dette kan skje både gjennom prosjektorganisering som sikrar totalfinansiering for heile byggjeperioden og nye former for statleg medverknad enn i dag.

## **Veg**

Det meste av trafikken vil også i framtida gå på vegnettet. Senterpartiet meiner det er behov for ei kraftig oppgradering av riks- og stamvegane som bind landet saman. Opprusting av dei gjennomgåande stamvegane nord-sør og aust-vest må prioriterast høgt. Det må sikrast midlar for å gje fylkesvegane ein standard som gjer at dei kan tene den regionale funksjonen sin og medverke til å utvikle sterke bu- og arbeidsområde. Saman med riksvegane skal desse medverke til å skape eit effektivt vegnett i heile landet.

Nye vegar blir finansierte som ein kombinasjon av bompengar og statlege budsjettløyvingar. Senterpartiet meiner det bør etablerast låneordningar til gunstig rente for å redusere finansieringskostnadene til bompengeselskapa. Kostnadene ved innkrevjing av bompengar må reduserast ved hjelp av ny teknologi, slik at mest mogeleg av bompengane blir bruka til veg. Løysingar for anonym passering må kome på plass.

Det er i dag mange tilhøve som kan seinke og fordyre vegprosjekt. For å sikre ei meir effektiv gjennomføring av vegprosjekt vil Senterpartiet ha planlegging og utbygging av lengre samanhengande vegstrekningar. Senterpartiet vil gjere Statens vegvesen til ein smidigare og meir effektiv aktør for utbygging, vedlikehald og drift av vegnettet. Dei delane av Statens vegvesen som primært arbeider med fylkesvegane skal overførast til fylkeskommunen og inngå som ein ordinær del av administrasjonen i fylkeskommunen.

### **Gang- og sykkelveg**

Senterpartiet vil auke satsinga på gang- og sykkelveg. Det gjev betre folkehelse, færre bilar og betre klima. I distrikta vil gang- og sykkelveg sikre valfridom på stader der bilen i dag er det mest praktiske framkomstmiddelet. I byane vil det å leggje til rette for fleire syklande få ned talet på bilar og dermed redusere luftforureining, støy og køar. Ein svært positiv sideeffekt av dette er betre folkehelse.

### **Jernbane**

Jernbane er ei effektiv og miljøvennleg transportform. Vi vil arbeide for moderne intercity-løysingar internt i regionane rundt dei store byane. Desse må vere bygde på ein slik måte at regionane i framtida blir knytte saman av eit moderne infrastrukturnett. Utbygging av dobbeltspora jernbane rundt dei store byane må gjerast på ein måte som medverkar til at dei på eit seinare tidspunkt kan bli ein del av eit høgfartnett. Vi vil auke kapasiteten og regulariteten for godstransport i heile landet og redusere reisetider for persontrafikk. Det er viktig å fjerne flaskehalsar som Oslotunnelen, ved å byggje nytt dobbeltspor der så fort som mogeleg. Dieseldrivne jernbanestrekningar må elektrifiserast.

### **Kollektivtilbod**

Senterpartiet vil ha eit godt utbygt kollektivnett i heile landet, som gjer det enkelt og rimeleg både å reise til og frå jobb og å reise raskt og klimasmart mellom landsdelar. Veg aleine er ikkje løysing på transportutfordringane i og rundt storbyane. Transportveksten må skje gjennom kollektivtransport, sykkel og gonge i desse områda. God flyt i kollektivtrafikken i og rundt dei store byane får positive konsekvensar også for framkomsten mellom landsdelane. Senterpartiet vil vidareføre og utvide påskjønningssordninga som stimulerer bykommunar til å innføre restriktive tiltak mot auka biltrafikk og samtidig utvide kollektivtilbodet. Større statleg medverknad føreset at bykommunane sjølv sørger for fortetting av bustad- og næringsutbygginga rundt fleire knutepunkt. For å redusere planleggings- og utbyggingsperioden må fylka få meir ansvar enn i dag, og det må etablerast meir effektive mekanismar for samarbeid mellom fylke. Senterpartiet vil samtidig styrkje tilskotsordninga for eit kostnadseffektivt og brukartilpassa kollektivtilbod i distrikta.

## **Luftfart**

Fly vil i lang tid framover vere den føretrekte reiseforma på lengre strekningar både innanlands og ikkje minst til utlandet. Senterpartiet vil leggje til rette for eit styrkt flyrutetilbod i dei områda av landet som ikkje har togtilbod. Det er eit mål for Senterpartiet å få ned utsleppa frå luftfarten ved å bruke avgifter for å stimulere til bruk av dei mest miljøvennlige flytypane.

Senterpartiet vil oppretthalde det store nettet vårt av lufthamner og finansieringa av desse gjennom flyplassavgifter, og meiner at det er Avinor som skal drive lufthamner i Noreg. Dei flyplassane som ikkje er ein del av Avinor-systemet skal kunne drivast vidare. Senterpartiet vil styrkje rutetilbodet på distriktsflyplassane gjennom å gjere anbudsordninga betre og skape meir reell konkurranse. For å styrkje Oslo lufthamn som ein naturleg base for utanlandsflygingar vil Senterpartiet at passasjerar som skal vidare med fly innanlands, skal kunne utføre tollklarering ved tilkomstlufthamna si.

## **Sjø og hamn**

Senterpartiet vil leggje til rette for å flytte meir av godstransporten frå land til sjø. Dette er ein viktig del av omlegginga til ein meir miljøvennleg samferdslektor. For å sikre dette må det satsast meir på å utvikle hamner og farleier. I tillegg må det opprettast knutepunkt for å flytte gods mellom jernbane, veg og sjø.

Senterpartiet går inn for fornying av ferje- og hurtigbåtflåten for å innfri krav til universell utforming og klimatilpassing. For kystfylka er hurtigbåtsamband mellom regionsentera og distrikt av avgjerande verdi, og Senterpartiet vil leggje til rette for styrking av hurtigbåtsambanda langs kysten.

Det er eit behov for å samle ansvaret for å tilretteleggje for sjøtransporten hos færre institusjonar og på færre forvaltingsnivå enn i dag. Vi ønskjer ein heilskapleg hamnestrategi som medfører ei oppgradering av mange hamner og, i ein skilde tilfelle, bygging av nye hamner. Gebyr- og avgiftssystemet i sjøtransporten må gjennomgåast med sikte på at sjøtransport blir konkurransedyktig på lik line med vegtransporten. Senterpartiet vil leggje til rette for hamneutbygging i nord for å møte framtidsutsiktene ei framtidig opning av Nordaustpassasjen vil gje.

## **Breiband og telefon – den digitale allemannsretten**

Senterpartiet vil at heile landet skal sikrast fullverdig høg fartstilgang til nettet. Digital allemannsrett inneber at vi må sikre hundre prosent dekning av høg fartsbreiband til husstandane i landet. Utrulling av høg fartsbreiband må bli ei samferdselssatsing der det offentlege engasjerer seg i utbygging av infrastruktur, mens det er viktig å sikre konkurranse på tenesteleveranse til lik pris i heile landet. Senterpartiet vil halde fram med utbygginga av mobildekning i heile landet. For å styrkje mobildekninga på kort sikt vil vi opne for såkalla nasjonal "roaming": At kundar skal ha tilgang til mobilbruk dersom det er nettdækning i eit område sjølv om denne tilhøyrer eit anna selskap enn det ein er kunde i.

## **Post**

Senterpartiet vil halde på einingsportoet og seks dagars postombering i heile landet. Det er viktig at posttilbodet er tilgjengeleg for folk i alle delar av landet.

*Senterpartiet vil:*

- gjennomføre eit nytt, vesentleg lyft i samferdslektoren
- gjennom eit opprustingsprogram ta igjen etterslepet på jernbane, riks- og fylkesveggar
- auke utbyggingstempoet på veg og bane ved å redusere planleggingstida, etablere ei meir føreseieleg finansiering og byggje meir samanhengande
- etablere statlege låneordningar til gunstig rente til nye samferdsleprosjekt
- gje alle i heile landa tilgang til mobilnett og høg fartsbreiband
- redusere avstandane og betre tilhøva for næringslivet til å konkurrere, ved å auke veginvesteringane vesentleg
- sikre eit felles lovgrunnlag for interesseavklaring i plan- og bygningslova for å redusere planleggingstid for vegprosjekt
- avvikle ordninga med nasjonal godkjenning av bompengeprojekt på fylkesvegane
- leggje til rette for at pendlarar i og rundt storbyane i større grad kan reise kollektivt, gjennom vesentlege investeringar i jernbanenettet. Hyppige avgangar og raskare tog gjer at fleire har reelt høve til å busetje seg der ein ønskjer
- modernisere jernbana slik at godsmengda kan aukast vesentleg

- slå saman NSB, Flytoget og Jernbanelaget for å betre kapasitetsutnyttinga, utnytting av synergjar og kostnadseffektivisering
- elektrifisere gjenståande dieseldrivne jernbanestrekningar
- vidareutvikle dei regionale lufthamnene og utvikle eit godt rutetilbod
- byggje Stad skipstunnel
- sikre 20-minutts ferjeavgangar på dei gjennomgåande riksvegane
- styrkje hurtigbåtsamband mellom regionsenter og distrikt langs kysten
- vidareutvikle eit fleksibelt og brukartilpassa kollektivtilbod med bestillingstransport og tilbringarruter i distrikta
- auke løyvingane til rassikring slik at etterslepet kan fjernast



Senterpartiet

